

Eg fann meg kvilestad

Av Olav Nygard

Eg fann meg kvilestad der hugen rastar
og skrid i roleg blidmælt bylgjegong
mot draumleg strand. Kva er det meir som
hastar

når æva syng sin mjuke voggesong
som dvergmålsdraumar, år og time kastar
av breide aksler træleklaven trong
og glid med linnlagd rytme inn i dansen
med sola drøyper sylv kring laurbærkransen.

Det er som vår og haust i same ande;
ein sylvbleik moe blundar millom fjell
med vårdagsbiv og haustarlogn i blande,
med kumarspretting og med lauv som fell.
Det spelar understrengs med ve og vande,
ei gravsorg upp or djupe sjøar vell,
men soldagsfaklar sviv på strålevengjer
og sigerkvast mot skuggedjupe trengjer.



Utsikt yver Grotle i Bremanger, Ytre Nordfjord

Med meir um desse sakene:

Vestlandsregion utan nynorsk?

Finsk metallmusikk

Nasjonal kamp i Tyskland og i Syria

Fylkesbaatane viste veg, skal fylkespolitikarane sleppa roret?

I dette nummeret:

Olav Torheim	Jean-Marie Le Pen: -Me må stå saman mot globaliseringi	s. 2
Olav Torheim	Spanande tider	s. 3
Olav Torheim	Er nynorsk mindre verdt enn samisk?	s. 4
Martin Eggum	“Kvar mann, sin nynorsk” - i nynorskfylket	s. 5
Ornella Winter	Goatmoon, Leichenzug og Horna i Lappeenranta	s. 6
Ornella Winter	Møte med Makss Damage	s. 7
Olav Torheim	Iver Kleive i Melandkyrkja	s. 8
Megan Leo	Venom Inc. på Garage i Bergen	s. 9
Bjørn Tobiassen Heieren	Reportasje frå Identitær Ide	s. 10
Olav Torheim	Fiasko for politi og antifa i Plauen	s. 12
Olav Torheim	Intervju med “Der Dritte Weg”	s. 13
Olav Torheim	Intervju med SSNP	s. 15
Olav Torheim	“Fortress Europe”	s. 18
Villmannen Thomas	Systemet er problemet	s. 19
Olav Torheim	“Nazistar”, finst dei enno?	s. 20
Olav Torheim	Fylkesbaatane viste veg	s. 22
Stig Andresen	“Hogst”	s. 25
Stig Andresen	På veggen	s. 25
Guillaume Faye	På Mont St. Michel	s. 27
Olav Torheim	“Simon du fleuve”	s. 30
Stig Andresen	“The Fountain”	s. 31
Olav Torheim	-Me vil gje ei røyst til serbarane i Kosovo	s. 32
Olav Torheim	“Homolobbyen”, finst han?	s. 34
Peter Schreiner	Det vantande modet i vestverdi	s. 36

Jean-Marie Le Pen: -Me må stå saman mot globaliseringi

Av Olav Torheim

-Aldri fyrr hev Frankrike vore so truga som no. Tidi er komi for å stå saman mot globalismen, same kva som elles skulde skilja oss. Dette hevda Jean-Marie Le Pen, han var æresgjest på den nasjonale og identitære konferansen i Paris.

Den nasjonale og identitære dagen i Paris er ein årvisst konferanse, skipa til av tidskriftet Synthese Nationale. I år vart konferansen skipa til for tiande året på rad, under slagordet "For ein nasjonal og identitær framstøyt". Politikarar, aktivistar, skribentar og journalistar frå heile Europa var til stades under tri ulike rundebordskonferansar.

Le Pen: Masseinnvandringi eit dødelegt trugsmål

-Alt for 40 år sidan, so var slagordet åt Front Nasjonal: "Slutt deg til oss, fyre det er for seint". Sidan den gongen hev problemi berre auka på, og stoda hev aldri vore meir ålvorleg for Frankrike enn no. Det grunnleggjande, dødelege problemet for Frankrike er den massive innvandringi, hevda Le Pen.

-Sume hev teke til ords for "remigrasjon", men dei praktiske framleggi som dei hev kome med er for lite og for seint. Helvten av dei nyfødde i Frankrike i dag er muslimar. Anten må me godtaka at det franske folket gjeng demografisk i oppløysing, eller me må setja i verk løysingar som verkar.

-Det må verta slutt på "droit de sol". Slutt på familieinnvandring. Slutt på dubbel statsborgarskap.

-Me må gjeva eit klårt signal til dei ulovlege asylsøklarane: Det er ingenting som ventar dykk her. Ingi innkvartering, ingi sosialhjelp, ingen skulegang, ingi medisinsk hjelp. Ingenting, null og niks.

Le Pen kom med ein appell som hadde klår adressa til dotter hans:

-Frankrike treng ikkje fred og ro, Marine Le Pen. Frankrike treng ein siger, og denne sigeren må me skapa. Me skal ikkje prata, men me skal strida, og me skal gjera det saman. Tidi er komi for å leggja gamle skilnader til sides og kjempa for at Frankrike framleis skal finnast, hevda Le Pen.

I tala si strekte han heilt konkret ut handi til Carl Lang frå Parti de la France og andre som han i si tid var med på å sparka ut frå Front National.

Kristne, heidningar og sekulære til sams kamp mot masseinnvandringi

At tidi var komi for å stå saman i kampen mot globaliseringi, det vart stadfest under panelordskiftet med Alain Escada frå katolske Civitas, Pierre Vial frå nyheidenske Terre et Peuple og Pierre Cassen frå den sekulære menneskeretts-



gruppa Riposte Laïque.

Alain Escada poengterte at det var internasjonale pengekrefter som lagde til rettes for den massive ikkje-vestlege innvandringi - og soleides for islamistisk ekstremisme og terrorisme. Han fekk tilslutnad både frå Pierre Vial og frå den tidlegare trotskisten Pierre Cassen. Pierre Cassen er ved fleire høve vorte dømd til bøter for å ha yttra seg kritisk um islam, men nektar å gje upp kampen for ytringsfridom i Europa.

Gabriele Adinolfi: Protestar og populisme er ikkje nok

Ein annan umtykt gjest på konferansen var Gabriele Adinolfi. Adinolfi poengterte at den nasjonale høgresida ikkje kunde nøgja seg med å snakka um problemi, dei måtte byrja å snakka um løysingar.

-Høgresida er best på idear, men vinstresida er suverent best på strukturar. Folk flest forstår at me hev rett, men samstundes so forstår dei at me er makteslause og ikkje kann gjera noko - og so lenge det er slik so vil dei ikkje slutta seg til oss.

-I desse dagar skyl det ei populistisk bylgja yver Europa, og me ser framvoksteren av protestrørslor yveralt - som med Front National, AfD, UKIP og Sverigedemokraterna. Det som desse rørslone vantar er ein klår strategi. Dei er mot innvandring, mot euro, mot yvervakingsamfundet, men kva er dei for? Kva yniskjer dei å gjera og korleis vil dei gjera det?

-Dei populistiske protestrørslone nyttar seg gjerne av ein aggressiv språkbruk, men ideane som dei ber fram skil seg ikkje stort frå systemet sine egne idear. Dette ser me til dømes når innvandringskritikarar byrjar å snakka um "islamsk fascisme". Ein tenkjer at ein skal profitera på å nytta seg av ein politisk korrekt umgrepsbruk, men i staden skaper ein berre forvirring um kva slags krefter ein faktisk stend andsynes. Slik let dei høvet gå frå seg til få flutt

fram egne posisjonar.

-Det er her me som er nasjonalistar og som hev sett det store bilætet må koma inn og verta ein ressurs. Me må byggja kompetanse og etablara utanumparlamentariske strukturar som partii kann stø seg på. Me må driva med ideologisk skulering og ikkje ta sikte på noko mindre enn å byggja ein velskula elite som ein dag skal styra Europa, proklamerte Adinolfi.

Les Brigandes med konsert

På slutten av konferansen var det tid for konsert med gruppa Les Brigandes, som hev gjort seg kjende med samfundskritisk populærmusikk.

Dei spela låtar både frå dei to fyrste plattone sine og litt meir rocka låtar frå ei ny plata som dei hevda var i kjømndi.

Sams kamp for europeisk identitet

Meir enn 1300 menneske skal ha vore innom konferansen, og det er ny rekord. Den nasjonale og identitære dagen hev vorte eit møtepunkt for heile spekteret av nasjonalsinna og globaliseringskritiske organisasjonar og grupper i Frankrike.

Redaktør Roland Helia avslutta dagen med di han summerte upp det siste tiåret der den nasjonale og identitære dagen er vorten skipa til. Stoda i dag er ei heilt onnor enn det ho var i 2006, hevda han.

Det er slutt på tidi då grupper som kjempa for same sak såg på kvarandre som fiendar, i staden hev konferansar som den nasjonale og identitære dagen medverka til å skapa ein nasjonal einskap og eit aksjonshopehav der det er plass til alle dei ulike sensibilitetane - med alle dei synergieffektane som det fører med seg. I namnet "Synthese Nationale" ligg programmet, avslutta Helie.

**Hugsa bladpengane!
Giro er stifta inn i bladet.**

Spanande tider

Av Olav Torheim

Fysikkens lover lærer oss mykje. Ingen politikk kann bera seg dersom han kjem i strid med desse. I naturi finn ein til dømes aldri noko slikt som evigvarande eksponensiell vokster, men likevel er heile pengesystemet og forbruksamfundet tufta på nett denne modellen. Me trur at me liver i ei tid der rådande modellar grunnstøyter mot røyndomen. Det opnar for nye framvegar.

Frå mekanikken kjenner me lovi um konservering av rørslemengd. Rørslemengdi i universet vert verande konstant, og det heiter at alt vert verande i rørsle. Det er ikkje råd å frysa samfundsvokstere, og um me ikkje vil parkera oss på sidelina so må me syta for at trendane i tidi tek til å tena oss i staden for å tena motmennene våre.

Alt er i endring

Til dømes ser me at samfundet vert meir og meir individualisert. Folk nyttar meir og meir tid i si eigi virtuelle verd. Jamvel kring middagsbordet er det mange som ser på kvar sin smarttelefon.

Både i familielivet og i par-relasjonar so opplever folk at det er vidt ulike verder som skil dei frå einannan. Det segjer seg sjølv at dette ikkje er noko bra, men um me skal nå ut til folk so må me ta dei for det som dei er og ikkje det som me meiner at dei alt burde vera.

Når isolerte einskildmenneske sit og ser ned på kvar sin telefon, so hev ikkje me noko anna val: Me må spretta fram på telefon-skjermen. Me må koma med ein bodskap som segjer: Det finst ei verd utanfor, ei alternativt verd. Ei verd der det ikkje handlar um at isolerte individ skal søkja si eigi egoistiske konsum-lukka på Facebook og Tinder, men der ein snarare kann stå saman og skapa noko i lag. Og nett på sosiale media ser me i aukande mun at alternative røyster slepp fram.

Me er frekke nok til å gjera Lenin sine ord til våre: "Me skal samla folk frå alle sosiale klassar som er viljuge til å lyda til ein vanleg demokrat". For oss er den virtuelle verdi ein talarstol, nett som parlamentet i si tid var det for kommunistane. Det er ikkje der endringar kann skapast, men nett det kann me nytta høvet til å informera folk um.

I den post-demokratiske tidsalderen der verktøykassa åt parlamenti og nasjonalstatane for lengst er tømde, so er ikkje makt lenger noko som ein kann ta ved val. Det er noko som ein må skapa. Me skal gjera vårt med å skapa høgernorsk mediemakt.

Motkreftene veks fram

For helder ikkje Newtons tredje lov er til å koma i frå: Til kvar ei kraft finst det ei tilsvarande sterk og motsett retta motkraft. Globalkapitalismen hev herja fritt sidan murens fall i 1989, og liberale mangkulturalistar hev gong etter gong

proklamert at den europeiske majoritetskulturen er død og dekonstruert ein gong for alle. Men nett no ser me at Donald Trump maktar det som Pat Buchanan aldri var i stand til då han stelte upp mot George Bush i 1992. Det byrja med Brexit og held fram med Trump - og kva som vert det neste i Europa, det kann ein berre tenkja seg. Dei som vågar å engasjera seg på den alternative høgresida, dei kjem i alle fall ikkje til å keida seg i tidi som kjem.

Og kva med vårt eige Noreg? Med kommune- og regionreformi set styresmaktene set alle klutar til for å strauformera og rasera lokalsamfund yver heile landet. I sumar valde Målmannen-redaksjonen å nytta høvet til å kasta fram eit alternativt program der ein i staden for styresmaktene sine sentraliserande pseudo-regionar kunde skapt desentraliserte regionar - strukturerte ut frå umsyn som spesifikt skriv seg frå dei kulturelle, historiske og økonomiske serhåttane åt dei ulike landslutane.

monolittisk vestlandsregion som skal verta styrd frå Bergen og Stavanger og det jamvel på bokmål! Samstundes hev fylkestinget i Sogn og Fjordane gjort vedtak um å selja aksjane i det som ein gong var Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane, og på den måten hev den politiske verktøykassa åt dei framtidige regionpolitikarane vorte endå skinnare enn fyrr. Me let dei ikkje få døy i syndi, og tvo av artiklane i dette nummeret er vigde til Vestlandsregionen og til soga åt Fylkesbaatane. Det er lærdom å henta både frå stoda i andre land og frå vår eigi soga.

Aldri grunn til desperasjon i politikken

Sidan me alt hev vore inne på tvo grunnleggjande lover frå klassiske fysikk, so kann me vel gjerne nytta oss litt av moderne fysikk òg: Heisenbergs uvissereelasjon skulde vera kjend for dei fleste, og denne relasjonen gjeld i politikken med. Alt kann skje, jamvel det mest usannsynlege, og ein må aldri verta desperat. Når naudi er størst so er hjelpi nærast.

Same kva ein skulde meina eller venta seg av Donald Trump, so hev den beiske valkampen avdekt at det kunstige skiljet millom "høgre" og "vinstre" ikkje lenger er serlegt relevant. Medan Hillary Clinton er vorti teki på fersken både med korrupsjon og kvitvasking av pengar, so er det den republikanske og "høgreradikale" Donald Trump som hev sagt nei til meir NATO-krigføring og "regime change", det er han som vil ut or dei løynde TTIP-tingingane der Noreg er med, det er han som vil ha slutt på at finanskapitalen kann få flytja verdfulle arbeidsplassar ut or vestverdi og yver til lågkostland som Taiwan og Kina - der faglege rettar og arbeidsmiljø er ein vits. Og det er han som hev brote tabu og gjort det moglegt å tala heilt ope

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 99156428

Skype: fivreltd25

Netstad:

<http://maalmannen.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

um korleis pengesterke lobbyar og interessegrupper i liberale demokrati fær valsa folkefleirtalet ned. Mainstream-media driv med brannsløkking etter beste evna, men det skal noko til å få tannkremen inn att på tuba no.

Nasjonalismen hev ein sosial dimensjon

Av "historiske grunnar" er ordi nasjonal og sosial nær sagt umoglege å stella saman utan å kalla på ymse slags assosiasjonar og mistolkningar, men er det ikkje snart tid for å koma seg vidare? Nasjonalismen i Etterkrigs-Europa hev for det meste vore økonomisk og politisk liberal, som til dømes med FPÖ i Austerrike, men so lenge ein talar um nasjonen som eit folkehopehav so er det klårt at denne nasjonalismen må ha ein sosial dimensjon òg. Ein sunn nasjonalisme inkluderar alle grupper i samfundet, same um ein arbeider attum eit skrivebord eller framfor eit samleband. Det som ein ikkje kann godtaka er at ein fåment elite skal få forsyna seg av det yverskotet som er skapt av alle, og det utan å gjeva nokonting attende.

I dette nummeret hev me intervjuva "Der Dritte Weg" frå Tyskland, som på deira eige nasjonalsinna grunnlag tek til ords for ein "tysk sosialisme". Likeins hev me vore i kontakt med det syriske sosiale nasjonalistpartiet, ei rørsle som aktivt kjempar mot utlandsstutte terroristar - og som hev sin eigen imperiale visjon um eit sosialt stor-syrisk rike der alle dei etniske gruppene i regionen hev ei oppgåva å løysa saman - ein sams lagnad i det universelle.

Alt medrekna so vonar me at me denne gongen med hev koka saman eit Målmannen-nummer som er eigna til å både provosera og engasjera. God lesnad!

Er nynorsk på Vestlandet mindre verdt enn samisk i Finnmark?

Av Olav Torheim

Fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er vortne samde um slå dei tri vestlandsfylki saman til eitt storfylke - på bokmål! Korleis kunde dette henda?

Med Vestlandsregionen på bokmål ser me endå ein gong kvar hen styresmaktene si illusoriske "jamstelling" millom tvo "målformer av same språk" hev ført oss.

Det er den illusoriske "jamstellingi" millom tvo "målformer av same språk" som gjer det mogleg å innføra vestlandsregion på bokmål. Hadde nynorsk havt status som eit regionalspråk, so kunde Europarådet ha slege ned på framferdi (Foto: Faksimilie frå NRK si umtala av saki).

Um nynorsk hadde havt status som eit minoritetsspråk eller regionalspråk, so kunde ein ha klaga styresmaktene inn for Europarådet. Å innføra vestlandsregion på bokmål vilde ha vore eit klårt brot på artikkel 7b i det europeiske charteret um minoritets- og regionalspråk som Noreg hev ratifisert (CETS 148, 1992). I Noreg gjeld dette charteret både for samisk, kvensk og romani, men ikkje for nynorsk.

Artikkel 7b i det europeiske minoritetsspråks-charteret slær fast at styresmaktene må basera politikken og lovgjevingi si på:

"the respect of the geographical area of each regional or minority language in order to ensure that existing or new administrative divisions do not constitute an obstacle to the promotion of the regional or minority language in question;"

Um me ser på minoritetsspråket samisk, so er det seks nordnorske kommunar som hev samisk til offisielt språk. Um norske styresmakter hadde vedteke å slå desse kommunane saman med andre norske kommunar og nytta seg av den nye demografiske stoda til å fjerna

15. september 2016 kl. 15:40 Vestlandet kan få bokmål - Det offisielle språket i den nye Vestlandsregionen kan bli bokmål. Rogaland vil ikke godta nynorsk, og det forhandles fortsatt. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane signert torsdag en intensjonsavtale om den nye Vestlandsregionen.



ARTIKKEL

Her vert avtalen om det nye Vestlandet signert

Det er den illusoriske «jamstellingi» millom tvo «målformer av same språk» som gjer det mogleg å innføra vestlandsregion på bokmål. Hadde nynorsk havt status som eit regionalspråk, so kunde Europarådet ha slege ned på framferdi (Foto: Faksimilie frå NRK si umtala av saki).

samisk som offisielt språk i dei nye storkommunane, so hadde det vore eit eklatant brot på det europeiske charteret.

Noko slikt kjem dimed aldri til å skje for samisk sin part. Når det kjem til nynorsken, det nedervde norske målet, so er stoda derimot ei onnor. Her hev styresmaktene laga seg den konstruksjonen at bokmål og nynorsk berre er tvo "målformer" av det same språket, og kva for ei "målform" ein vil nytta seg av er eit individuelt val for den einskilde språkbrukaren. Ein avviser at nynorsk faktisk er eit eige språk!

Jamvel um det er meir enn 150 års tradisjon for nynorsk på Vestlandet - i motsetnad til


samisk som vart offisielt språk fyrst i 1990 - so er det also duka for å "språknoytralisera" Vestlandet og leggja ned det einaste reine nynorskfylket i Noreg (Sogn og Fjordane).

Den gamle fylkesstrukturen hev funnast heilt sidan 1700-talet. Dei fire vestlandsfylki er naturlege einingar med hevd og tradisjon. Med regionreformi vert det lagt upp til at Nordfjordeid skal styrast frå Bergen, og det samstundes med at voldingar og ørstringar skal gjera trøndarar av seg. Slik hev ein med eitt slag gjort ende på alle dei 3 nynorskfylki på Vestlandet. Dette er kunstig.

Å draga linjalar upp på kartet var noko ein dreiv med i koloni- og mandat-tidi, og det burde soleides vera eit attendelagt stadium. Skal ein fyrst skapa regionar i Noreg, so må det vera regionar som er forankra i noko historisk, noko som gjev rotfeste og identitet. Då er ikkje nynorsken på Vestlandet til å koma i frå. Tek ein ikkje umsyn til dette, so vert ikkje regionane noko anna enn reinhekle storbyekspansjon kring Bergen og Stavanger.

No brenn det eit blått ljøs for nynorsken på Vestlandet. Dei tri fylkesordførarane ser ut til å vera nøgde berre det samla talet på fylkeskommunalt tilsette vert det same som fyrr. Men regionreformi er eit politisk spursmål som er altfor viktugt til å verta avgjort av fylkesteknokratar på bakrommet. Ingen vestlandsregionalisme utan regionspråket nynorsk!

Innlegget stod fyrste gongen på prent i Nationen den 19.09.2016 og i Dag Og Tid den 23.09.2016.



Eit blick på kommunekartet burde vera for å kunna slå fast at vestlandsregion på bokmål er galskap.

“Kvar mann, sin nynorsk” - i nynorskfylket Sogn og Fjordane

Av Martin Eggum

Eller dialektfylket Sogn og Fjordane som eg vil kalla det. Kvifor hev det seg slik at sogningar tyr til bokmål på nettet?

“Kvar mann, kvar sin nynorsk”, det hev med kvart vorte eit umgrip i visse krinsar - og ikkje utan grunn. Reformar og låttleggjing av nynorsken som noko dumt og bondsk hev sett sine spor, og det kjennest kanskje tungt for dagsens unge ta språket med seg vidare i livet.

Sender SMS på dialekt og sel bilen sin på bokmål

Som Ingrid Espelid seier: No hev me juksa litt. Og det er nett det som hender. Folk og då serskilt dei unge vil ikkje gje slepp på identiteten, so dei juksar og let dialekti ta føringi yver eit språk dei ikkje meistrar eller ikkje lenger vågar å vedkjenna seg. “Dao” og “pao” lyder eksotisk og morosamt, og soleides er det mykje greidare å takla enn “Noreg”, “mogleg”, “semje” og andre ord som er so markert nynorske at det sit langt inne for folk å bruka dei.

Det er mykje lågare terskel for å tala breid dialekt og nytta ord som “dikka” (dykk) og “baot” (båt) enn det er å skriftleg taka i bruk nynorske høgstilsuttrykk som “dykk”, “Noreg”, “kjærleik”, “hugnad” og so burtetter. I det fyrste høvet er ein framleis ein som “berre snakkar dialekten sin” - medan ein i det neste høvet tydeleg markerar at ein faktisk er nynorsk-brukar, med eit klårt ideal til grunn for målføringi si.

Sjølvt nyttar eg meg mykje av sosiale forum på nett, og eg ser stødt at folk frå bygd i Sogn skriv på bokmål når dei vender seg til store massar. Serskilt i jobbsamheng eller min personlege favoritt: Finn.no-lysingar.

Feigt? Ja, men like fullt forståeleg, sidan dialekt hev teke den plassen som nynorsken skulde ha havt. Tekstmeldingar vert skrivne på dialekt og finn-lysingar på bokmål. Til det nære hev ein dialekt og til det tunge og seriøse hev ein bokmål. Sidan ein ikkje kann venta seg at Kvarmannen sit og skriv tekstar på fritida, so konkluderar eg med at dei fleste i fylket slutta å nytta seg av nynorsken sin på slutten av ungdomsskulen.

Høgstilen som vart burte

Det er symptomatisk at ein med 2012-rettskrivingi for fyrste gongen skulde få lov til å skriva “dokker” i staden for “dykk”. Dette var ei rettskriving som det var målrørsla sine eigne folk som fekk utforma (Grete Riise & co). Slik ser me at målrørsla hev gjeve upp å etablara ein høgstil på nynorsk. I staden er det likt til at dei vil lempa seg etter SMS-språket.

På denne måten gjer dei nynorsken til eit lågterskeltilbod på nedste hylla, men ikkje ein gong der er det tevleført. I staden for ein nynorsk som kunde gjeva ryggstø til dialektane - og språklege dansingsideal som gjer nynorskfolk trygge nok til å hevda seg som nynorskbrukarar, so hev me fenge ein nynorsk som korkje er “nær” nok for ei personleg tekstmeld-

ing eller høgtideleg nok for eit formelt brev. Han fell millom tvo stolar og kjem ikkje til sin rett nokon stad.

Det er ingen tvil um at dette kjem til å straffa seg i lengdi. Kva hadde til dømes Olav Stedje vore utan nynorsken? Det hadde vore “Stao nao pao” med superlaget frå Sogndal, og utanum det hadde han ikkje vore noko anna enn ein heimstaddiktar. På same måten som Åge Aleksandersen og DDE aldri vart meir enn nokre trønderrockarar. Det er nett når ein vågar nytta seg av dei nynorske høgstilformene at ein samstundes lyfter lokal kultur upp frå det spontane og sentimentale og gjer det til noko tidlaust og ålmenngyldig. Er det ikkje snart tid for å ta seg saman og atter ein gong våga ta det spranget?

DET KOSTAR Å GJE UT BLAD!

Me vil ikkje at det skal stå på økonomien for dei som vil lesa Målmannen. Difor er bladpengane på det same låge nivået no som dei var i 2002: 150 kr i året.

Like fullt so vil me oppmoda dei som kann til å gjeva bladet ei liti eller stor gåva. Målmannen fær ingen økonomisk studnad frå staten eller frå andre pengesterke krefter i samfundet.

Økonomien vår er stram - og um bladet skal bera seg eller ikkje, det stend på lesarane åleine.

Kontonummer 2291.14.45666...

Goatmoon, Leichenzug og Horna i Lappeenranta

Av Ornella Winter

15 Oktober 2016

Lappeenranta, Karelen, Finland

White Death

Goatmoon

Leichenzug

Horna

Finsk svartmetall sluttar aldri med å vera spanande. Der norsk svartmetall ligg på sotteseng, der held finnane fram med å leita fram det myrke, det fårlege og det dulde. Kveikje finn dei i naturi og sine egne kulturelle røter.

Konserten vart skipa til i eit litt underlegt konsertlokale i Lappeenranta - ei idrottsball. Idrottsballi gav konserten nokre akustiske serdrag som var vel so underlege, men det funka på den måten.

Til stades for å varma opp var Lappeenranta sine egne White Death som spela deira eigen svartmetall - som var både melodisk og aggressiv på ein gong. Dei spela til slutt ein cover-versjon av ei gamal Absurd-låt, med Stormheit-songaren på vokal.

Goatmoon: Mystikk, myrker og aggresjon

Neste gruppa ut var Goatmoon. Dei er opphavlegt frå Lappeenranta, dei med, men no bur dei i Helsinki. På konserten denne kvelden spela dei einast låter frå Lapeenranta-dagane. Det heiter, dei spela ein masse låter frå platone "Death before Dishonour" og "Finnish Steel Storm" (nokre nyare songar kom som ekstranummer, som til dømes "Voitto tai Valhalla Part II: Valkoinen Maa"). Det var nett Goatmoon som dei fleste var møtte fram for å sjå, og stemmingi var heilt vill under



Goatmoon



Horna

spelingi. Mannskapet på scena var radt energiske og fylde av sin eigen musikk - ein musikk som er rå og aggressiv, men

som samstundes angar av meir subtile og mysteriøse innslag. Det er nett slik svartmetall skal vera, med opplevingar som ligg lag på lag - og som samstundes er litt fårlege og kontroversielle, og Goatmoon er visselegt kontroversielle!

Leichenzug og Horna

Etterpå kom Leichenzug frå Tyskland. Det er heilt tydelegt at dei hev henta mykje påverknad frå Absurd, men samstundes hev dei sin eigen stil med litt meir kompliserte komposisjonar. Publikum var færre, men energien var like bra som med Goatmoon.

Det siste bandet var Horna, med sin klassiske svartmetallstil. Stemmingi vart meir "djevlesk" enn med dei hine gruppe. På denne måten tona kvelden ut. Finland er alltid verd ein musikalsk tur.



Leichenzug

Møte med Makss Damage

Av Ornella Winter

Den tyske rapparen Makss Damage hev i den seinaste tidi skapt bylgjor med sine kontroversielle og nasjonalistiske rap-låtar. Jamvel vinstretradikale kommentatorar må sanna at dette er ein rappar som kann handverket sitt, same kor mykje dei mislikar tekstene. Målmannen hev møtt Makss Damage for ein prat.

-"Das hier ist weisser Rap", segjer du i ei av låtene dine. For dei som ikkje alt kjenner deg, kann du fortelja oss litt um Makss Damage og konseptet som stend attum?

-Namnet mitt er Makss Damage og eg lagar nasjonalsinna rap-musikk. For meg er det sers viktugt å avgrensa meg mot den vanlege ghetto-gangster-musikken og gjeva musikken min ei europeisk sjel. Det syter eg framfor alt for med tekstene mine. Beat-produsentane mine syter dessutan for høvelege "beats", det er det som ein kallar bakgrunnsmusikken på eit rap-spor. Dei gjer sitt for å skapa ei sereige ljodbilæte, dei med, og det vert dei heile tidi betre og betre på.

-Kvar hen hentar du inspirasjonen til tekstane og beatsi dine? Kva for andre musikarar hev påverka deg?

-Eg hev høyrte på rap-musikk heilt frå den tidlege ungdomstidi av, og soleides hev eg naturlegt nok vorte påverka av ymse tyske og amerikanske rapparar. Ikkje minst Eminem frå USA. No um dagen høyrer eg snaudt meir på tysk rap, sidan dei dumme tekstene byd meg imot. Eg konsentrerer meg helder um å henta inspirasjon frå bøker, filmar og mitt eige kvardagsliv.

-Du hadde opphavlegt alt gjort deg kjend som rappar av det vinstretradikale, eller jamvel vintreekstreme, slaget. Som med plata "Stalins way". Seinare hev du gjeunge yver til den nasjonalsinna sida. Kann du fortelja oss meir um den politiske oppvakningi di og den politiske reisa som du hev gjort?

-16 år gamal so vart eg gjennom vener og kjende dregen med i Antifa-miljøet, og der hadde eg utvikla meg til å verta kommunist. Rapping hadde eg drive på med alt fyre det kom so langt. Etter at eg var vorten politisk, so tok eg til å fylla musikken min med tema som fengde meg. Slik er det jamvel idag.

Innanfor dei kommunistiske gruppone kjende eg meg stødt pressa inn i eit hyrne, det var mykje strid og spetakkel. I kvardagen gjorde eg meg mine eigne røynslor med muslimar og med andre vinstretradikale - og eg vart kjend med nasjonalistar òg. Slik tok eg litt etter litt



til å stella spørsmål ved mitt eige verdsbilæte. Mange saker og ting som tidlegare ikkje høvde i hop tok til å få ei meining. Di meir eg tenkte yver tematikken, di klårare vart det for meg at det var i den nasjonale motstandsrørsla eg høyrde til.

Desillusjonert gjekk eg burt frå venekrinsen min og det som i årevis hadde vore den politiske heimen min. I tidi som fylgde so kann eg segja at eg endelegt makta å finna meg sjølv - med di eg slutta meg til det nasjonale motstandet og fann den staden der eg i røyndi høyrer til. Det var på slutten av 2010 og byrjingi på 2011.

-Di eigi livssoga syner, etter mitt syn, at det jamvel i det vinstretradikale spekteret finst menneske som hev hjarta på rette staden. Dei hev berre ikkje sett det store bilætet enno. Eller ser du det onnorleides?

-Slik er det i alle fall! Kor som er so trengst det ein god porsjon mod å kunna endra seg og å våga segja fram offentlegt det som ein eigenlegt meiner. Det vinstretradikale spekteret er av ein slik natur at det dreg til seg mange feigingar. Difor er det sjeldan at folk kjem på andre vegar, slik som eg gjorde.

-Når det kjem til musikken som politisk

våpen, kva er det som er fyre- og ettermunene med rap, jamført med meir "tradisjonell" nasjonalsinna musikk som rock, hardkjerne rock, svartmetall og so burtetter?

-Du kann fortelja mykje meir i ei rap-låt enn det du kann med rock eller hatecore. Eit rap-spor er like langt som fire rockelåtar. Dessutan er det, i minsto i Tyskland, den musikken som ungdomen lyder til. Rap er nett no den musikkretningi som flest folk høyrer på, difor er det viktugt at me òg hev gode rapparar som kann pakka vår bodskap inn i denne musikkformi. Slik hev mange ungdomar, som i tankane sine alt høyrer til hjå oss, stor glede av låtene mine.

-Det er likt til at du ikkje er serleg redd for å taka fyre deg tabutyngde tema i tekstene dine. Tema som er vandslege å tala um som fylgja av "den tyske soga" (som ikkje er lenger enn snaude 12 år...). Du er jamvel vorten dømd som eit resultat av dette. Kvi for skal du stødt vera so provoserande? Kva vil du oppnå? Er det verdt alle problemene som det gjev deg?

-Eg var stødt eit rakrygga og ærlegt menneske. Med tilsløringar og lygner hev eg eit stort problem. Eg kann ikkje taka (politiske)



Scena or musikkvideoen "Deutschland" (2016)

menneske seriøst um dei ikkje formulerar meiningane og målsetnadene sine klårt og tydelegt. Um ikkje lovgjevingi i Tyskland hadde vore so yverdrivi streng som ho er, so hadde eg ytra meg endå meir direkte. Men som du alt hev sagt heilt rett, so må eg ta meg i age. Difor freistar eg å umskriwa mange ting, utan at eg eg misser dei politiske målsetnadene mine av syne. Songane mine kjem

likevel rett frå hjarta og slik kjem det alltid til å vera!

-Kva tenkjer du um den politiske stoda i Tyskland og Europa? Er du pessimist eller optimist?

-Eg freistar vera realist. Sumtid driv eg likevel ned i det pessimistiske. Det ser rett og slett myrkt ut for oss. Seinast etter nyårsnatti i

Köln måtte tusundtals menneske ha teke til gatone, men det skjedde... ingenting. Folk sit heime med datamaskinen sin og legg fram tankane sine på Internett. Men det er på gata at kampen vert avgjort.

Endå um me dag for dag vert sterkare medan makta åt dei vinstreestreme brotsmennene smuldrar upp, so arbeider tidi imot oss. For dei vesttyske byane ser eg ingi von meir. Der kann ein tenkja so positivt som ein vil, laupet er like fullt køyrt. Vesttyskarane vil ikkje reisa seg. I Sud-Tyskland og i Aust-Tyskland ser det derimot onnorleides ut.

-Noko meir som du gjerne vilde ha sagt?

-Til dei av dykk som tvilar: Opna augo dykkar for nye agitasjons- og musikkformer. Det er nyttelaust å verta ståande fast i kulturen frå 90-talet. Me var ein gong den mest moderne rørsla i verdi og det vil me atter verta. Då høyrer det med at ein måtar seg til trendane i tidi. Jordi sluttar aldri å snurra, og um me ikkje vil missa ungdomen so treng me moderne uttrykksformer som rap. Gjev dei nasjonale rapparane ein sjanse!

Venom Inc. på Garage i Bergen

Av Megan Leo

Venom Inc
27 August 2016
Garage, Bergen

Venom Inc... eit namn som i fyrste umgang framkallar litt skepsis...men so øydelegg dei tri engelskmennene effektivt all tvil og skepsis med den ener-

getiske framføring i si.

Med berre tvo av dei originale medlemene (Mantas Jeff Dunn på gitar og Abbadon Anthony Bray på slagverk), so vart det sagt at gruppa fyrst hadde tenkt å kalla seg noko anna enn Venom etter at dei tok til å spela att. Men litt oppmuntring av dei ikring seg - som meinte

at dei berre "måtte" ha ordet Venom med i namnet - so vart den uppattskipa gruppa kalla for Venom Inc, med Demolition Man Tony Dolan på bass og vokal.

Sume vilde ha sagt at Venom Inc er litt av ei satirisk rørsla, imot dei kommersielle sidone av rock og metal. I alle fall er Venom Inc eit namn som er lett å bita seg merke i. Du veit kven som er i byen når du høyrer um dei, og det er ingen tvil um at det du fær er Venom.

Og so "Old School" ER faktisk Venom Inc! Dei hev slik ein live-energi at ein skulde tru det var ei reisa i tid attende til 1985 (endå um det ikkje var nokon Cronos med på vokal og bass). Dei 3 EKSPLODERTE med energi, songane var ferske og kjende seg som nye. Gjennom mest alle klassikarar som Countess Bathory, Poison, Witching Hour, Don't Burn the Witch og serskilt låti som katalyserte ein ny æra av hard musikk: BLACK METAL!!!

Som live-band er Venom Inc heilt topp. Det er mest ingen yngre bands som kann koma nært til den typen rå energi som dei sprudlar med. Tidi skal få syna um det er like interessant på plata, men som live-band er Venom Inc ikkje til å slå.



Siste ljodsjekk fyre det brakar laust...

Iver Kleive i Melandkyrkja

Av Olav Torheim



Vektarsong kora av bunadskledde gjentor frå Meland Ungdomskantori Octavia og Bergen Domkirkes Jentekor.

Med kyrkjemusikk-kjendis Iver Kleive på orgel, so var ventnadene store framfor Meland Kyrkje sin jubileumskonsert 23. oktober 2016. Kleive leverte varone, og samstundes fekk lokale musikarar og korsongarar høvet til å imponera - og det stort.

For konsertmeldaren sin part, so kom det fyrste møtet med Iver Kleive i 1996 - på plata "Himmelskip" av Iver Kleive og Knut Reiersrud. Det var eit verk som gav meirsmak, og berre det å få lyda til Iver Kleive i si eigi lokale kyrkja var motivasjon nok til å møta fram på Meland Kyrkje sin 150 års jubileumskonsert. Men med tonefylgjet frå Kleive i botnen, so skulde denne kvelden by på so mykje meir enn berre det.

Konserten byrja med at Kleive improviserte yver temaet til Lindemann-salmen "Påskemorgen slukker sorgen". Han heldt fram med å spela Johan Sebastian Bach sin Toccata og fuge i d-moll.

Dinæst var det dei lokale musikarane Elena (fiolin) og Øystein Blom (gitar) som framførde Jule Massenet sin meditasjon frå den franske operaen Thaïs.

Det neste opptrinnet var ei frygd for både auga og øyra: Til taktfaste basstonar frå kyrkje-orgelet, so kom bunadskledde korgjentor frå Meland Ungdomskantori Octavia og Bergen Domkirkes Jentekor marsjerande opp kyrkjeskippet. Dei framførde heile Henning Som-

merro sin umtykte folketonosuite "Vinden er stille, Hallelulja!"

Etter ein liten pause, so heldt Kleive fram med å spela variasjonar yver folketonen "Å hvor salig det skal blive" frå Setesdal. Øyvind Aase fylgde opp med å framføra Mozart (Variasjonar i F-dur K. 398 yver "Salve, tu Domine") og Grieg ("Bønn" op. 50 nr. 2 frå Olav Trygvason) på piano.

Når Alversund Kammerkor endeleg kom fram i koret, so hadde me altso alt vore igjennom både stemningsfullt orgelspel, korsong, fele-, gitar- og pianospel. Kva kunde toppa dette? Jau, Alversund Kammerkor med songar av Knut Nystedt på a capella!

Kvelden tona ut med allsong for både kor og kyrkjelyd. Etter å ha lydd til musikk på høgt nivå, so fekk alle stemma i med "No takka alle Gud" av Kjell Mørk Karlsen. Med det var konserten slutt, og eit takksamt publikum kunde gå ut i natti.

Til slutt kann det nemnast at det i lang tid hev vore tala um å byggja ei ny Melandkyrkja på Frekhaug, men med den varsla kommunesamanslåingi med Lindås vert dette neppe noko av. Til det ligg Frekhaug altfor nært Knarvik der ei ny og moderne arbeidskyrkja nyss var innvigd. Melandkyrkja vert soleides ståande nett der ho er, i bygd som den nedleggjngstruga kommunen hev henta namnet sitt frå. Eit 150 år gammalt hus som "står selv om kommune-tårnene faller", for å parafrasera yver endå ein umtykt salmesong.



Alversund Kammerkor. Lengst uppe til vinstre skimtar me Lindås-ordførarinna...

Kom ikkje fyrre Målmannen i postkassa di?

...

Hugs å melda frå um ny tilskrift dersom du hev flutt sidan sist!

Reportasje frå Identitær Ide

Av Bjørn Tobiassen Heieren

Den fyrste helgi i oktober 2016 vart konferansen Identitær Ide skipa til i Stockholm for sjuande året på rad. Tilskipar var tankesmia Motpol, som sjølve fyller ti år i år. Konferansen tok fyre seg dei mest mangslungne emne, men ein kann trygt segja at globaliseringsmotstand og etnisk medvit er den raude tråden som spinn det heile saman.

Den identitære rørsle og ideane som denne rørsle byggjer på hev Målmannen framigjenom teke fyre seg i ymse artiklar. Sjå til dømes "Identitær, kva er no det då?" av Siv-Kari Hjelmås Johansen (Nr 1 2013). Eg kjem soleides ikkje til å koma med nokor umfemmande utgreiding um dei identitære i denne teksti, men vil oppmoda eventuelle nye interesserte um å lesa det som tidlegare hev vorte skriva um dei identitære.

Eit pustehol for nordiske dissidentar

På konferansen var det samskipnaden Nordisk Ungdom som sytte for oppvarming med mat og drykk. Det var ei oppgåva dei løyste på framifrå vis, og det skorta aldri på noko som ein skulde ynskja seg. Lokalet var dessutan fylt med bokbord frå forlag av ymist slag. Det som underskrivne framfor alt beit seg merke i, det var at gjenomsnittsalderen millom deltakarane hadde sokke munalegt sidan sist gong. Det var mange nye andlet å sjå. I alt skal litt yver 250 personar ha vore til stades på konferansen. Ein av desse personane var ei ung studina frå Universitetet i Oslo som skreiv masteroppgåva um dei identitære.

Programmet vart utsett med minst tvo timar, dette skreiv seg frå tekniske flokar. Utsetjingi sette likevel ikkje nokon dempar på stemningi, tvært imot gav det dei framtømte høve til å verta betre kjende.

Etter at dei tekniske flokane var vortne løyste, so tok forfattaren, umsetjaren og fiolinisten Lars Holger Holm ordet. Han ynskta alle velkomen, og deretter heldt han ei glødande tala um korleis eit rettelegt organisk samfund kunde verta. Diverre er det slik at menneske som er på toppen eller på botnen av det kunstige hierarkiet i dagsens samfund, dei ser som regel ikkje onnor vinning enn den dei kann få på stutt sikt, hevda han.

Holm synte dessutan til det at Identitær Ide hadde gjeve nordiske dissidentar ein stad der dei kunde ordskiftast fritt. Vidare so tala han um korleis valet i USA kunde skapa eit paradigmeskifte i Europa. Med ordi "Anti-globalistar, sameina dykk" fekk han salen til å jubla.



Patrik Ehn: Sverigedemokraterna treng stødigare kurs mot høgre

Etter dei innleidande ordi frå Holm, so var Patrik Ehn fyrste fyredragshaldar ut. Politisk og verdsåskodande sett so kann ein segja at Ehn stend nær dei konservative revolusjonære frå millomkrigstidi. Ehn hev dessutan ei fortid som politiskar og ideolog for Sverigedemokraterna - men han vart sparka ut or partiet for skuld noko so absurd som interessa hans for høgreradikale historiske kulturpersonlegdomar som Ernst Jünger. Alle som hev lese Jünger må rista på hovudet av slikt.

Patrik Ehn tok i tala si fyre seg dei ulike konservative alliansane som ein hev havt i Europa i tidi etter 1945. Me fekk ein sers detaljert og lærerik gjennomgang. Serskilt vart det lagt vinn på den politiske snunaden åt Sverigedemokraterna. Tidlegare hadde dei samarbeidd nært med Front National og jamvel fenge pengestudnad frå desse. Seinare var dei vortne med i EFD² som millom anna hyser britiske UKIP. Ehn stelte dessutan spursmålet um kva som kom til å henda med desse alliansane dersom EU bryt saman. Ehn trur sjølv at eit sovore samanbrot er i kjømdi.

Til slutt so rådde han alle nasjonalsinna sven-skar um å gå inn i SD og hjelpa med å draga partiet lengre mot høgre.

Dan Erikson og Ingrid Carlqvist: Alternativmedia er på frammarsj

Nestemann ut var Dan Erikson, veteran i nasjonale krinsar. I dag er han best kjend frå nettradioen "Motgift". Erikson var dimeir ein av dei fyrste skribentane på Motpol-bloggen. No for tidi bur han i Tyskland, og han hev ein finger med i ei rad ulike nasjonalsinna prosjekt ute i Europa. Erikson gav ei tala der han etterviste at alternative media hev kome til det nivået at dei er vortne røynelege nyhendekjelder for folk flest. Bodskapen frå Erikson er at me lyt arbeida på alle frontar med alternativ informasjons- og kulturformidling. Til dømes med konferansar, utdaningsvikor og konsertar.

Dinæst kom Ingrid Carlqvist, journalist som tidlegare hev arbeidd i Aftonbladet. Ho hev dessutan gjeve ut ymse bøker. I dag driv ho nettavisa "Dispatch International". Same kvelden hadde ho vorte innbodi til ein annan konferanse med fiften i Stockholm, men ho

valde i staden Identitær Ide - og det fekk dei frammøtte til å jubla. Her treivst ho godt, sa ho. Det var høgt under taket og alt millom himmel og jord kunde det ordskeftast um. Denne 56 år gamle dama hadde nøgdi med energi: Ho tala um korleis dei rådande maktene medvite demoraliserar det svenske folket, til dømes med mytedaning um at svenskane hev "fuska" til seg Sverige og ikkje hev gjort seg fortente til sitt eige land.

Daniel Friberg: Høgresida vinn, både i Europa og i den store verdi

Etter at Ingrid Carlqvist hadde sagt sitt, so vart forsamlingi flutt til eit mykje større og flottare lokale. Daniel Friberg, arrangør for konferansen, skulde endelegt få halda tala si. Friberg opna med å syna til Newtons tridje lov som slær fast at kvar ei kraft hev ei tilsvarande like sterk motkraft. Han heldt ei flammande tala um korleis høgresida sigrar i land etter land: Polen hev i praksis ingen vinstreparti lenger. Ungarn røysta imot masseinnvandring. Trump kom til å vinna valet i USA, spådde han (og fekk rett).

Um ein kastar blick burt frå den vestlege verdi, so er bilætet det same i ikkje-vestlege land: Indiske nasjonalistar er på frammarsj og Filipinane hev fenge Rodrigo Duterte til president. "Vinstresida er daud, de veit det berre ikkje sjølve endå", hevda Friberg. Han synte fram ein kveikjande Trump-propagandafilm, og heile tala hans var høgengergetisk. Til slutt so slo han fast at me lever i ei tid der det atter er høve til å gjera noko heroisk. Det eventyret som so mange unge mennar lengtar etter, det er i dag å finna på høgresida.

Jason Reza Jorjani med fokus på det parapsykologiske

Ein av dei meir spanande og spesielle fyre-dragshaldarane var heilt klårt Jason Reza Jorjani, som hev røter både i Iran og Nord-Europa. I fyre-draget sitt lagde han fram tanken um at mennesket hev psykiske evnor som ein kann byggja vidare på. Desse parapsykologiske evnone hev Descartes sin rasjonalisme halde folk i myrkret um, men dei er der.

Jorjani kom inn på den interessa som nasjonalsosialistane i si tid hadde for det parapsykologiske. Det fanst SS-mennar som trudde dei kunde kartleggja ubåtar berre med rein tankekraft. Eller eit anna døme: Tolv SS-mennar kring eit bord som samlar all si telepatiske kraft på ein person dei vil skal tilstå. Dette var som teke ut or ein science-fiction-film, og underskrivne vart rettelegt gira på å lesa den boki som Jorjani hev gjeve ut på Arktos: "Prometheus and Atlas".



Daniel Friberg på talarstolen (Foto: righton.net)

Isac Boman og Roger Devlin: Reproduksjon. Økonomi og sex

Den svært unge Isac Boman hev mastergrad i økonomi. Han grunn gav studievalet sitt med det at han vilde skyna seg på det moderne samfundet. Han oppmoda folk til å lesa boki hans, "Penningmakten: Ett medel för frihet eller slaveri?". Mykje av fyre-draget hans var nyttig kritikk av det vestlege kapitalistiske systemet. Me treng eit nytt økonomisk system som tener folket og ikkje umvendt, var bodskapen hans.

So var det forfatternen åt boki "Sexual Utopia in Power", Roger Devlin. Tala vart nær sagt eit samandrag av den nemnde boki. Devlin skildra det kvinnelege og det mannlige seksuelle Utopia. Seksuell revolusjon var eit kjernetema, dessutan tok han fyre seg dei ulike feministiske epokane. Han nytta heile tidi evolusjonslæra til å stø upp under argumentasjonen sin. Devlin var ihuga og lukkast mange gonger med å kalla på låten. Han kunde forsikra oss um at dei skadelege feministiske tankebyggnadene med tidi kom til å verta skrelte vekk - sidan feministar var sers dårlege på dette med å få born.

Dan Roodt og Alexander Markovic: Identitetskamp i Sud-Afrika og i Europa.

Dan Roodt, ein traust Afrikaaner frå Sud-Afrika var nest siste talar ut. Ein jordnær mann som like fullt hadde ei imponerende utstråling. Me fekk høyra um soga åt Afrikaaner-rørsla, og Roodt tykte det var hugsvalande med alle dei framvegane som Internett hade gjeve oss. Han hadde dessutan ein forunderleg fascinasjon for verknaaden åt den grøne frosken Pepe. Etter fyrelesingi spurde Dan Erikson honom um kor viktugt Sud-Afrika kunde vera reint strategisk, og her vart det ein livleg diskusjon.

Siste mann ut var talsmannen for dei iden-

titære i Austerrike, Alexander Markovic. Her vart naturlegt nok identitet eit sentralt emne, og Markovic kløyvde identiteten upp i tri nivå: Den regionale (etnisk), den nasjonale (historisk) og den europeiske (sivilisatorisk). Målsetnaden var å skapa eit kollektivt medvit der alle dei ulike identitetane kunde styrkja og utfylla einannan.

Slik hev det diverre ikkje vore til dessar: Det EU-byråkratiske systemet arbeider med å einsretta og sletta ut nasjonale identitetar, og upp mot dette EU-prosjektet hev nasjonalistar ofte sett fram ein reaksjonær statsnasjonalisme som tyner lokal og regional identitet. Dette er berre øydeleggjande: Sterke nasjonalstatar treng eit sterkt Europa, og regionalt og lokalt kultur mangfelde er ein rikdom - ikkje eit trugsmål. Her hev dei identitære i Frankrike, Tyskland og Austerrike vore med på å opna nye politiske framvegar.

Ei intellektuell vitamininnsprøyting

Identitær Ide var ei intellektuell og moralsk vitamininnsprøyting for alle dei frammøtte. Talarane var fulle av kunnskap, glød og energi - og denne energien smitta yver på oss alle. Konferansar som Identitær Ide syner at det er på den alternative høgresida at ein i dag finn dei viktugaste og mest interessante ordskefti um tema som ytringsfridom, innvandring, økonomisk og demografisk berekraft. Det som skjer ute i den store verdi påverkar oss alle, det let seg ikkje lenger filtrera burt i eit mainstream-media som er åt å missa grepet. Ein ny høgre-elite er åt å veksa fram i Norden, og dei som hev intellektet og vågemodet til det hev høve til å vera med på det no. Ver med oss på Identitær Ide neste gong!

Tysk 1. mai: Fiasko for antifa og politi i Plauen

Av Olav Torheim

Den tyske nasjonal-revolusjonære gruppa "Der Dritte Weg" (Tridje Vegen) hadde kalla inn til demonstrasjon på fyrste mai i Plauen i Sud-Tyskland. Motdemonstrantar frå det vinstreautonome spekteret møtte fram for å blokkera upp-toget, men ikkje ein gong Politiet si passivt-aggressive og til slutt openlyst valdelege åtferd andsynes dei framførte demonstrantane var nok til å hindra at marsjen fekk gå som planlagt. Dette gjeng fram or fritt tilgjengelege kjeldor på nettet.

I demonstrasjonsuppropet frå "Der Dritte Weg" so vert ljoskastarane sette på det veksande sjiktet av underbetalte ufaglærde i Tyskland. Dette er menneske som i beste fall fær liva på minsteløn og som aldri fær seg nokon retteleg fast jobb. Dei vert verande fattige endå um dei det meste av tidi er i fullt arbeid. Asylstraumen inn i Europa - og "flyktingar" som treng å "koma kjappt i jobb" - er vortne til brekkstongi som storkapitalen nyttar seg av for å gjera dette "prekariatet" til eit nytt og permanent undersjikt i samfundet. I mobiliseringsmateriellet til demonstrasjonen so freistar "Der Dritte Weg" dessutan å gjera folk merksame på styresmaktene sitt umfemnande utsal av vass- og energiforsyning til internasjonal storkapital.

Aktivistane frå "Der Dritte Weg" kallar seg for nasjonal-revolusjonære, og tek til ords for det dei kallar for ein "Deutschen Sozialismus". "Der Dritte Weg" stend sterkt i Sud-Tyskland, og det er ikkje fyrste gongen "Der Dritte Weg" demonstrerar i Plauen. Fyrre gongen var i 2014, då eit tusundtals aktivistar marsjerte uhindra gjennom gatone. I fjor mynstra dei mannsterkt i Saalfeld, og i år var det atter tid for demonstrasjon i Plauen.

Antifa-aktivistar frå det vinstreautonome spekteret hadde kalla inn til blokadeaksjonar mot tilskipingi, og dei sette alle klutar til: Gratisreisor med buss frå heile Tyskland vart organiserte, og heile 48 bussar skal ha vore leigde inn.

Aktivistane frå "Der Dritte Weg" fekk soleides ikkje marsjert meir enn halve strekket sitt fyre dei vart stogga av Politiet som nekta å rydja upp i ei av sitjeblokadene åt vinstreaktivistane. Men i staden for å verta ståande og stampa - og



Konfrontasjon millom politi og demonstrantar.

lata demonstrasjonen få gå i frø slik det hev hendt so mange gonger fyrr - so valde demonstrasjonsleidingi å kunngjera at demonstrasjonen med dette vart oppløyst. Dimed hadde ikkje demonstrasjonsleiding og ordensvakter lenger noko andsvar for kva dei individuelle demonstrantane eventuelt skulde finna på etterpå...

Det skal ha vorte nokre rettelege basketak med politiet, sprutande vasskanoner og tåregass i lufti, men endskapen på det heile var at storparten av demonstrantane kom seg vidare på marsjruta, og dei kunde som planlagt -

orsak, "spontant" - avslutta demonstrasjonen med appellar på jarnbanestasjonen.

Etter Politiet sine eigne tal skal på lag 1000 aktivistar ha marsjert gjennom Plauen. Um ein skal tru på massemedia, so skal motdemonstrantane ha talt på lag like mange personar, og ein kann soleides slå fast at det ikkje kann ha vore serskilt trongt um plassane inne på dei 48 antifa-bussane...

(Artikkelen vart upphavlegt publisert den 2. mai 2016 på maalmannen.no)



Avsluttande markering ved jarnbanestasjonen. Korkje blokadar eller politibrutalitet var nok til å stogga den lovlegt tillyste markeringi åt «Der Dritte Weg».

Intervju med “Der Dritte Weg” (Tridje Vegen)

Av Olav Torheim

-For dei av lesarane våre som enno ikkje kjenner til rørsla dykkar: Kann de stutt fortelja oss litt um Der Dritte Weg?

-Den 28. september 2013, i den historiske byen Heidelberg, vart partiet “Der III. Weg” grunnlagt som eit nasjonal-revolusjonært partipolitisk alternativ til BRD-partisystemet. “Der III. Weg” reknar seg ikkje berre som eit valparti, det er snarare ei nasjonal folkerørsla. Me tek meiningane våre med oss ut på gata, me driv med kulturarbeid og me vil skapa ei hopehavsånd som gjeng vidare enn det reint partipolitiske. Til dømes med sports- og fritidstilbod for aktivistane våre. Det er ikkje berre tyske statsborgarar som kann verta med, me er opne både for folketyse, utlandstyske og tyskarar i Sveits og Austerrike.

-De skildrar dykk sjølve som “nasjonale”, “revolusjonære” og “sosialistiske”. Kva tyder desse tri umgripi for dykk?

-Partiet “Der III. Weg” reknar seg sjølv som nasjonalt, revolusjonært og sosialistisk. Når ein set desse tri umgripi saman, so gjev dei ein heilskapleg verknad: Ein fører det politiske, det økonomiske, det sosiale og det åndelege livet saman i ein syntese som danar grunnlaget for ei meningsfull og livsnaudsynt samfundsordning for det tyske folket.

Sjølvförståingi vår, sjølvförståingi åt kvar og ein som er med i partiet vårt, ho er alto nasjonalt og sosialistisk prega. Ho syner seg i revolusjonær handling på alle livsumkverve og samfundsumkverve.

Dei realpolitiske konklusjonane åt “Der III. Weg” er soleides:

Me er NASJONALE

Av di ei grunnleggjande samfundsendring - ei uppattnying - einast kann skje innanfor eit nasjonalt rådeverk. Det er innanfor det rådeverket nasjonen gjev oss at målsetnader for heile folket - nasjonale målsetnader - kann definerast og kjempast fram. Desse nasjonale målsetnadene er både politiske og kulturelle, og det sviv seg um å sikra yverlivnaden åt det tyske folket som naturlovfest yverlevingshopehav.

Me er REVOLUSJONÆRE

Av di den nemnde uppattnyingi av samfundslivet, med og for folket vårt, einast kann verta nådd med ei total åndeleg uppattnying av den politiske tenkjingi. Revolusjonær heiter also at me ynskjer oss ei heilt ny stemneleid, både politisk og kul-



turelt. Me reknar det tyske folket som livs-midpunktet, og upp mot den internasjonale og kapitalistiske ideologien set me fyrestellingi um ein progressiv og sosialistisk nasjonalstat av det “völkische” slaget. Det revolusjonære i dette er at det inneber ei total uppattnying på alle umkverve i samfundslivet åt folket vårt. Me reknar verd-såskodingi vår som altumfemnande.

Me er SOSIALISTISKE

Av di arbeider for ei rettvis samfundsordning for heile folket vårt. Ei samfundsordning der folket er for eit organisk hopehav å rekna - der kvar og ein hev si eigi sergjerning å setja ut i livet, i tenesta for heile folket. Soleides kann liveregelen vår einast lyda slik: Frå MEG til OSS!

Dette heiter ikkje at me ser burt frå verdien åt det einskilde mennesket, snarare tvert imot. Me reknar menneskeverdet for ein sentral verdi i eit sunt samfund, og me ynskjer på ingen måte å tyna personlegdomen åt einskildmenneske - slik dei i si tid gjorde i dei likeretta kommuniststatane. Me ynskjer snarare å hjelpa personlegdomane fram og få det beste ut or kvart unike einskildmenneske. Soleides dyrkar me fram personar som gjev den størst moglege skaparkrafti - ei skaparkraft som kjem heile folket til gode.

Kva slags aktivitetar legg de tyngdepunkti dykkar på? Korleis gjeng de fram i kvardagen for å styrkja og byggja den politiske rørsla dykkar?

Aktivitetane våre er tufta på konseptet um “tri søylor”: Den politiske kampen, den kul-

turelle kampen og kampen for hopehavet.

Den politiske kampen fører me framfor alt med flygebladaksjonar, demonstrasjonar, infostands, folkemøte og med ei alltid godt uppdatert nettsida.

Utyver dette so tek me vare på vår eigen kultur med årlege festdagar som hausttakkefest (Erntedank), vårfest, jolefest, jonsokfeiring og vintersolvendingsfest. Sams utflukter, sportsaktivitetar, vandringar, læger og musikkveldar er med på å styrkja hopehavet vårt.

Nasjonalistane var i årevis dei einaste som åtvare mot problemi med masseinnvandring og globalisering. Som fylgja av dette hadde eit radikalt parti som NPD gjort det bra med inntog i delstatsparlamententi i Sachsen og Mecklenburg-Vorpommern. No hev ein fenge AfD som dukka upp mest yver natti og som alt hev tilslutnad frå kvar fjerde tyske borgar. På denne måten er det vorte klårt og tydelegt for alle at borgarane for lengst er luta leide av mangkulturen, og like fullt vonar folk flest at endring skal koma innanfor rāmone åt det rådande systemet. Finst det her eit potensial for ei radikaliseriing?

Mange tyskarar hev røysta på AfD av di media hev framstelt desse som eit alternativ til makteliten. Og mange borgarar tenkjer at dei med ei røyst til AfD faktisk kann uppnå noko - medan ei røyst til meir radikale parti er for ei “burtkasta” røyst å rekna. Sjølve trur me ikkje at AfD kjem til å driva igjennom nokor røyning samfundsendring.



Men mange borgarar hev med sine AfD-røyster for aller fyrste gongen våga å ta steget og taka stoda for eit "nasjonalt" partialternativ. Det heiter at terskelen er vorten lågare for å slutta upp um endå meir radikale alternativ i framtidi.

Til dømes var det interessant å sjå resultat i 2016 for kommunalvali i Hessen: I byane Wetzlar og Büdingen stelte AfD ikkje til val, og der var det i staden NPD som fekk meir enn 10% av røystene. Ein kann also slå fast at veljarane alt no er reiduge til å gå for endå meir radikale parti enn AfD.

Korleis er stoda når det kjem til statleg represjonstrykk mot rørsle dykkar, og korleis møter de denne represjonen?

Represjonen og det offentlege trykket aukar heile tidi på. Forfylgjingi av nasjonalsinna i BRD kjenner ingen grensor. Det same gjeld i privatlivet. Utstøying på arbeidsplassen og i idrottslag hender dagstødt. Antifa og

massemedia verkar her som handlangarar for systemet. Me freistar å verna um medlemene våre so godt som det let seg gjera. Upp mot den statlege represjonen steller me vårt eige intakte, solidariske hopehav. Aktivistane våre veit at dei hev andre ikring seg som steller upp i alle slags naudsituasjonar.

Svært mange nasjonalistiske demonstrasjonar hev framgjenom vorte forbodne av politiet eller blokkerte av vinstreestrem mobb. "Der III. Weg" hev i dei seinaste åri lukkast med å pressa igjenom sine eigne fyrstemai-tog og Heldengedenken-markeringar. Dette hev de lukkast med, endå so mykje dei vinstreestreme mobiliserte og endå so brutale og upålitelege som politiet hev vore. Korleis klarar de dette?

Når ein set seg målsetnader, so må ein ogso verkelegt ha viljen til å nå desse målsetnadene. Det fører til dømes ingen stader når



ein lovar medlemene og veljarane sine at ein skal koma inn i eit delstatsparlament - og det når ein ikkje ein gong sjølv trur at ein skal klara dette og målet under alle umstende er umoglegt å nå. Slik demotiverar ein berre sine eigne trupper. Nett på same måten er det med våre demonstrasjonar, som på 1. mai.

For oss var det alt på fyrehand klårt at dei vinstreestreme, i samarbeid med styresmaktene, kom til å freista å stogga demonstrasjonen vår. Slik var det i 2015 i Saalfeld og på same måten var det i 2016 i Plauen. Båe gongene so svara me med å offisielt oppløysa demonstrasjonen og lata dei um lag 1000 demonstrasjonsdeltakarane få gjera det som dei reint individuelt skulde få lyst til å finna på. Heftige samanstøytar med politiet fylgde ved båe høve, og endskapen var kvar gong at ein fekk marsjera likevel.

Slike framgangsmåtar krev under alle umstende at den einskilde aktivisten er reidug til å ofra seg. Samstundes er det grunnleggjande viktugt at det framfor kvar demonstrasjon vert gjort eit godt mobiliseringsarbeid og at demonstrasjonen er godt planlagt og organisert. Utyver dette so gjeld det at me offentlegt stend fram i eit best moglegt ljøs, til dømes at alle kler seg einskaplegt med eigne kampanjetroyor.

Kva er dei viktugaste dagsaktuelle politiske emni som de kastar fram i ålmenti?

Den systematiske framandgjerdingi med arts- og kulturframande utlendingar, og særskilt asylstraumen inn i Europa, er det temaet som me nyttar mest kraft på å kasta fram i offentlegt ordskifte. For denne framandgjerdingi fører folket vårt rett i døden.

Utyver dette so gjennomfører me stødt småe kampanjar - som til dømes mot dyremishandlingi på sirkus, minneaksjonar for dei fordrivne tyskarane, boikottaksjonar mot imperialistiske statar eller tysk vinterhjelp der me hjelper vandslegstelte tyskarar med gratis klede.

Noko meir som de gjerne vil segja til lesarane våre?

Det me vil at dei norske lesarane skal ta med seg vidare på vegen, det er at det einast er med ein heilskapleg strategi at me enno kann berga heimlandi våre. Denne heilskaplege strategien inneber både politisk kamp, kulturell kamp og eit liv i hopehav med meingsfrendar og kampfelagar. Me kann ikkje avgrensa oss til ein kamp for å få plass i parlamenti.

Partiformann Klaus Armstroff svara Målmannen på spørsmåli.

Intervju med det syriske sosiale nasjonalistpartiet (SSNP)

Av Olav Torheim

Til dei av lesarane våre som enno ikkje hev høyrte um SSNP, kann de stutt fortelja um SSNP og kva rørsle dykkar arbeider og stend for?

Lat oss aller fyrst få helsa lesarane dykkar personlegt. Me er takksame for at Målmannen-lesarane vil taka seg tid til å setja seg inn i vårt syn på stoda i Syria og dei framtidsvisjonane som me sjølve hev for landet vårt.

Det syriske folket, til liks med det norske folket og andre av verdsens folk, ynsker seg eit liv i fridom, med sosial rettferd og internasjonal rettferd. Landet vårt, Syria, hev ei saga som gjeng heilt attende til 10.000 år fyre Kristus. Det var syrarane som kom med den fyrste lovgjevingi i verdi og me var dei fyrste jordbrukarane. Det var sumerarane som laga den fyrste plagen for å snu på jordi, me hadde dei fyrste musikknotane i verdi, me fann upp alfabetet og eksporterte det til heile verdi - og me dreiv med handelsverksemd som eit alternativ til krigføring. Dei fönikiske sjøfolki var dei fyrste som oppdaga den nye verdi, det hev dar i alle fall sume forskarar som meiner at dei kom seg heilt til Amerika.

Det var den vidgjetne syriske kongen, Sargon den store, som fekk samla det syriske territoriet til eitt rike i det tjugetridje hundradåret fyre Kristus. Dette territoriet hev vorte kalla for den syriske grøderike halvmånen ("Syrian fertile crescent"). Territoriet femner um det som i dag er Libanon, Kypros, Kreta, Jordan, Palestina, Syria, Irak og tyrkisk-okkupert Cilykia.

Kong Hammurabi kom med dei aller fyrste lovene i det andre tusundåret fyre Kristus - og han tok attende land som Syria tidlegare hadde tapt. Etter Hammurabi fekk me ein ny æra med det assyriske imperiet. Syria samla i denne perioden ei rad ulike kulturfolk - amorittar, sumerar, hetittar, kanaanitarr og fönikarar. Både levantinske og ariske folkeslag møttest og utveksla kulturelle impulsar. Det var slik den syriske nasjonen vart skapt.

Landet vårt hev kome under åtak mange gonger - både frå tatarar, mongolar, krossfararar og ottomanske tyrkarar. Dei sistnemnde var her i 400 år. Sidan den gongen hev britar og franskmener kløyvd upp landet vårt, spreidd sekterisme, plyndra landjordi vårt, gjeve Palestina burt til europeiske og russiske jødar og gjeve Cilykia og Iskenderum til Tyrkia. Det siste hende jamvel



Kvinnelege SSNP-soldatar.

med vedtak i det sokalla "Folkeforbundet".

Partiet vårt vart skipa for å gjeva folket vårt dei frårana nasjonale rettane attende. Me arbeider for ei nasjonal atterføring. Me er ikkje eit vanleg politisk parti med ein "normal" parti-ideologi. I motsetnad til "vanlege" parti so representerar me ikkje serinteressor i samfundet, me samlar tvert imot heile det syriske folket. Både fabrikkengarar, arbeidarar og bønder hev sin plass hjå oss. Me målber interessone åt nasjonen og alle dei som danar byggesteinane i denne.

Partigrunnleggjaren vår, Antoun Saadeh, ynskte å stabla eit heilt nytt system på føtene. Eit system som skulde:

- Skapa eit sunt indre sosialt og politisk liv.
- Verna um den nasjonale einskapen og den syriske territoriale integriteten.
- Syta for at Syria fekk ei velstandsutvikling som er på høgd med andre statar og land i verdi.
- Skapa gode og stabile samband med andre nasjonar.
- Syta for ei samfundsordning som både tryggjer samfundsvoksteren, sikrar individuell fridom og gjev einskildmenneski ei meining med deira eigne liv.
- Organisera ei ny samfundskontrakt og syta for eit demokratisk samfundssystem som er i tråd med dei nyss nemnde målsetnadene.

Prosjektet vårt sviv seg um å skapa ein moderne syrisk sambandsstat, tufta på borgarrettar og demokrati. Me ynskjer ikkje å samla dei ulike statane i regionen med makt, det me helder ynskjer å gjera er å skipa eit

demokratisk råd som tek seg av saker som er viktuge for oss alle. Me ynskjer ikkje å avskipa sjølvstendet åt einskildstatane i det historiske Syria eller å sletta ut regionale og etniske identitetar som alle gjeng tusundtals år attende.

Me ynskjer oss godt samband med andre demokratiske nasjonalistatar, som til dømes med medlemslandi i EU. Partiet vårt er uppteke av å skilja religion frå lovgjeving og statsstyring, me vil ikkje at religiøse leidarar skal ha noko dei skulde ha sagt innanfor politikken.

Dette er politikken vår.

De skildrar dykk sjølve som "syriske", "sosiale" og "nasjonalistiske". Kann de fortelja oss kva desse tri ordi tyder for dykk?

Nasjonen vår er ikkje av det same slaget som dei europeiske nasjonane. Dei sistnemnde nasjonane er tufta på ideen um at kvar etnisk gruppa skal ha sin eigen eksklusive stat. Den moderne europeiske nasjonalismen spring ut frå den industrielle revolusjonen og frå konsentrasjonen av kapital. I kjølvatnet av dette vart Europa kasta ut i ei rad øydeleggjande krigar - både religiøse og økonomiske. Den europeiske sjåvinismen kulminerte med tvo øydeleggjande heimskrigar som kosta millionar av menneske livet.

Me som er syriske nasjonalistar, me hev for vår part teke lærdom av det som skjedde i Europa. Nasjonalismen vår er difor ikkje sjåvinistisk, det er snarare ein frigjeringskamp for å styrkja alle dei gode kreftene i landet vårt - og å styra dei dei i ei stem-

neleid som tener interessone åt heile folket. Medan den globale storkapitalen hev stramma grepet yver heile kloten, so hev syrarane vortne hindra frå å samla seg i einingar som kunde ha sikra deira egne interessor. Mange gonger hev dette hendt med direkte militære inngrep frå USA. Både Syria, Libanon, Irak og Palestina hev upplivd brutal krigføring av di dei ikkje hev vore lydige mot “det internasjonale samfundet”.

Det siste påfunnet åt vestmaktene hev vore å skipa ymse slags takfiri-terrorist-gruppor for å øydeleggja staten vår og kløyva opp landet etter etniske og religiøse skiljelinor. Dei syriske nasjonalistane reiser bust mot den politikken som dei vestlege maktene fører. Merk dykk at me med “dei vestlege maktene” meiner styresmaktene i desse landi. Me veit vel at ikkje alle i Vesten sluttar upp um denne politikken.

Når me kallar oss “syriske”, so talar me um det naturlege og historiske Syria som gjeng tusundtals år attende i menneskesoga. Kwart eit menneske hev soleides tvo heimland, det etniske heimlandet og det syriske.

Me forstår godt korleis nordmennene i si tid laut lida under det danske framandveldet. Dei norske bøndene laut svara skatt til kongen i Kjøbenhavn og vart sende ut i krigar mot det svenske frendefolket som både språkleg og kulturelt stod dei mykje nærare. Gleda var soleides stor då det norske folket fekk si eigi grunnlov i 1814 - og den norske målrørsla hev kjempa hardt for å atterreisa eit eige norsk skriftmål. Me finn mykje som er likt i den norske og den syriske saga. Den norske utvandringi til Amerika og det norske mannefallet under den andre heimskrigen er ikkje heilt ulikt det som hev hendt med oss syrarane.

Medan nordmennene i dag hev trygge oljeinntekter å lita på, so hev dei vestlege maktene i lang tid freista å hindra oss syrarane frå å byggja vår eigen økonomiske basis. Til dømes so hev tyrkarane demt upp Eufrat-elvi, og denne måten hev dei havt høve til å turka ut dei syriske kveiteåkrane. Det hev skorta både på brød og på drikkevatt.

Med ordet “nasjonalistisk” so meiner me at folket vårt hev trui på seg sjølve og på sine egne krefter og ressursar. Me hev trui på at dei naturressursane som me er vortne fråstolne og som i dag er kløyvde upp mellom mange ulike statar, dei er nok til at me kann veksa og byggja vår eigi framtid. Samstundes held dei vestlege maktene fram med å blanda seg inn, og det med fyremålet å tvinga på oss ei politisk ordning som ikkje høver med interessone eller framtidsdrau-

Syria's “natural borders” in the SSNP's view



SSNP arbeider for ein sekulær, stor-syrisk føderasjon der ulike etniske, religiøse og regionale identitetane ikkje vert undertrykte - men tvert imot styrkjer og utfyller einannan.

mane våre. Dei seinaste vestlege inngrepi sviv seg um å få kontroll med dei nyupp-daga gassfelti våre.

Med ordet “sosial” so meiner me alt det som hev med menneske og med økonomi å gjera.

Til slutt vil me slå fast at me ikkje ynskjer oss nokon arabisk nasjon, me vil byggja ein syrisk nasjon.

Fortel oss meir um arbeidet og aktivitetane åt SSNP. Kva er dei viktigaste politiske emni som de arbeider med i dag?

Me hev byrja med eit stort opplysningsprosjekt. Kunnskap er ein fyresetnad for å kunna setja vellukka økonomiske prosjekt ut i livet, anten det gjeld store eller smæ verksemder. Me arbeider dessutan med å fyrebu vår eigi deltaking i arbeidet med å forma ut ei ny syrisk grunnlov. Me er upptekne av å skapa synergieffektar mellom dei ulike etniske gruppone, og det utan at nokon treng å sleppa ned egne nasjonale rettar. Ikkje minst so arbeider me for at relasjonane mellom dei ulike statane i Midtausten skal samsvara med internasjonale lover og reglar: Både den nasjonale sjølvråderetten og dei individuelle menneskerettane må verta respekterte.

Her legg me vekt på ordet “både”. For korleis kann dei vestlege maktene krevja individuell friedom og samstundes ikkje bry seg med å gjeva friedom til nasjonar og folk som vert tynte både politisk og økonomisk? Dei krev friedom for individet, men vil samstundes slavebinda heile samfund. Dei fører ein politikk som hindrar desse samfundi frå å veksa sosialt og økonomisk. Spursmålet me vil stella dei er: Korleis kann menneske vera frie dersom landet og samfundet deira ikkje er fritt, men snarare underlagt eit globalt nyliberalt hegemoni?

Me driv med eit umfemnande sosialt

arbeid, der målsetnaden er å frigjera landet sosialt og økonomisk frå dei vestlege maktene. Me styd upp um ymse slags upptak både innanfor industri og landbruk, me bygger upp att landsbyar og andre stader som er øydelagde av krigsherjingane i Syria - og me lærer folk upp til kamp mot terroristane. Me hev aktivistar frå alle dei ulike etniske, religiøse og sosiale gruppone. Fyre krigen braut ut livde me alle saman, og slik vil me at det skal halda fram å vera.

Det nasjonalistiske arbeidet vårt gjeng ut på sameina dei ulike statane, me ynskjer dessutan å skapa internasjonal fred og tryggleik på eit rettvisst grunnlag. Då kann det ikkje vera slik at interessone og draumane åt dei smæ nasjonane skal måtte vika for stormaktsinteressone.

Det politiske huglaget vårt er klårt, me styd dei syriske styresmaktene av di dei er garantistar for den syriske nasjonale einskapen, både territorielt og sosialt. Det er ein sekulær stat som hev vokse med oppgåvone han hev teke på seg, og nett no kjempar han mot ein nykolonialisme som nyttar seg av både wahhabi-terroristar og ISIS.

Me er upptekne av ungdomen av di dei er ryggradi i dei nasjonale aksjonane våre. Me hev skipa både ein studentorganisasjon og ein ungdomsorganisasjon som hev viktuge program for menneskeleg, politisk og sosial utvikling.

I gamle dagar var SSNP forbode i det syriske, arabiske republikken. No kjempar de jamsides med Assad-regimet imot

Spredid høgnorsk lesnad!

takfiri-terroristane. Kann de fortelja oss meir um korleis den syriske borgarkrigen hev skapt nye alliansar for SSNP?

Alliansen vår med staten var ikkje eit resultat av krigen mot Syria, det var noko som oppstod alt fyre den tidi. Men ja, partiet var tidlegare offisielt forbode, endå um folk heile tidi stutte opp um partiet og ideane som partiet var tufta på.

I si tid kom me under åtak både frå kolonimaktene og frå ymse interne politiske krefter. Partigrunnleggjaren og leidaren vår vart drepent i 1949, og mange usanne fabrikkerte skuldingar vart sette fram mot oss. Andre partileidarar vart kasta i fengsel. På den måten var me upptekne med våre eigne saker medan resten av dei politiske partii kunde arbeida fritt. Slik hadde det vore sidan dei franske kolonimaktene drog seg ut i 1946.

Då den libanesiske borgarkrigen braut ut i 1975, so fekk partiet demonstrert for folket kva me var gode for. Me fekk synt at me var truverdige patriotar. Jamvel um media og skulebøker freista svarta oss, so tok ordet um SSNP til å gå millom folk. Folk visste kvar det var dei hadde oss.

Stoda hev endra seg for oss sidan 2005 - då med vart med i den nasjonale progressive fronten.

Me ynskjer å få slege dette fast: Den syriske, arabiske heren kjempar ein krig mot terroristar. Det er ikkje "Assad sine styrkar", som vestlege media kallar det, det er ein her for heile folket. President Assad gjer det grunnlovsfeste arbeidet sitt som øvste kommandant for heren. Partimedlemene våre fører krig i Syria, jamsides med den syriske heren. Me er allierte av di me tener dei same nasjonale interessone. Same kva vestlege media skulde få seg til å skriva so kjenner me røyndomen på slagmarki. Me kjempar både kulturelt og militært for å verja um landet vårt, verdiane våre og kulturen vår. Me styd den syriske staten i yverlevingskampen mot terrorismen.

Krigen i Syria tok ikkje til med ein konfrontasjon millom syriske styresmakter og sivile demonstrantar - slik vestlege media vil ha folk til å tru. Sanningi er at grunnlaget for krigen vart lagt alt i 2003 då Syria nekta å vera med på dei skilordi som den amerikanske statssekretære Colin Powell sette etter okkupasjonen av Irak.

Det er ingen borgarkrig i Syria, men det er terroristar som fører krig mot Syria. Målsetnaden deira er å få gjort ende på den politiske og sosiale soga åt det sekulære syriske samfundet. Dei vil gjera slutt på den syriske staten, og alt dette med open studnad frå både regionale og internasjonale makter.



Kampen mot dei utlandsstude terroristane hev kravd store offer for SSNP-aktivistane. Samstundes hev offerviljen og dei dyrekjøpte sigrane på slagmarki skapt tillit og forankring i folket.

Me byggjer nye alliansar som er tufta på nasjonal forsoning. Me forsonar oss med di me slær ring um den syriske staten, me krev attende tapt territorium, me sikrar velferdi for heile det syriske folket og me krev retten til å sjølv få taka alle politiske avgjerder som gjeld framtid i det syriske folket.

Kva slags rolla ser de fyre dykk for SSNP i eit framtidig Syria der kampen mot dei utanlandskstude terroristane er vunn-

nen? Det er det syriske folket som skal avgjera framtid for Syria. Som ein Fønix-fugl hev syrarane alltid greidd å reisa seg att, og det kjem dei til å gjera denne gongen med. Eit nytt Syria skal reisa seg etter sigeren mot terroristane, og dette nye Syria må svara til draumane åt alle dei ulike etniske og sosiale gruppone i landet. Me kjem for vår part til å arbeida trottugt vidare for nasjonen vår og for dei menneski som høyrer til her. Innsatsen vår under krigen hev skapt tillit, og denne tilliten skal me byggja vidare på.

Me er ikkje i tvil um at den syriske heren og alliansepartnarane hans kjem til å vinna yver dei utlandskstuda og utlandskfinansierte terroristane. Grunnen til dette er at terroristane ikkje hev nokor forankring internt i folket, dei hev ingenting å stø seg på - anna enn pengar, våpen og leigesoldatar frå andre land.

Det er ingen tvil um at det er svært mykje som må gjerast etter at krigen er slutt. Rørsla vår kjem til å stå midt uppe i alt det daglege arbeidet som må gjerast med å byggja infrastruktur og skapa dugande menneske.

I dag kjempar me ein kamp for livet, på vegner av heile manneætti. Me vil ikkje at terrorismen skal få invadera dykkar land eller noko anna land i verdi.

Er det noko meir som de ynskjer å segja til dei norske lesarane?

Til slutt vil me segja dette:

De hev dykkar eigi norske soga som de kann vera byrge yver. Forfedrane dykkar stridde for fridom og sjølvstende, og me set pris på det norske folket og den norske soga. Me trur at alle folk hev si eigi sivilisasjonsberande rolla å spela, si eigi oppgåva å løysa i universell samanheng.

Og me vil slå fast at kvart eit menneske i kvart eit verdshyrne hev retten til å liva i eit fritt land. Og alle land hev retten til å vera med på å skapa internasjonale relasjonar på deira eigne premisser.

Me vil oppmoda alle intellektuelt uppegåande lesarar, serskilt dei som skulde vera lærarar på skular og universitet, til å lesa ei bok som heiter "Rise of Nations" av Antoun Saadeh. Les ein denne boki, so forstår ein betre korleis det er me ser på verdi. Me vonar at me kann verta i stand til å utveksla tankar og idear og få i gang den globale intellektuelle dialogen som trengst for å få soga på rett kjø og skapa ei framtid for oss alle.

Etter at krigen i Syria er slutt, so er Noreg og det norske folket inviterte til å vera med på å byggja upp att Syria og å gjeva oss den studnaden som trengst - sidan det norske folket hev den kompetansen som me kjem til å få bruk for.

Takk for dette intervjuet som gav oss høve til å introdusera partiet vårt til det norske folket - og få lagt fram våre eigne synsmåtar.

Takk og beste helsing frå

Abdullah Mneini

Leidar for politbyrået åt SSNP

Damaskus, 2. oktober 2016

“Fortress Europe” Av Olav Torheim

Då asylstraumen inn i Europa tok til for alvor, hausten 2015, sette svenske Magnus Söderman seg ned og skreiv bok. Söderman gjev både ei nådelaus skildring av den vanstoda som Europa hev hamna i og han kjem med heilt konkrete løysingsframlegg. I titelen “Fortress Europe” ligg programmet.

Media sine rapportar um asylstraumen inn i Europa hev vore fylde med kjensledrypande sentimentalitet, meiner Söderman. Ein hev systematisk tala um “flyktingstraumen” og synt fram bilæte av syriske kvinner og born i naud, og det endå realiteten er at det store fleirtalet er unge menn i sin beste alder. Dei fleste kjem ikkje ein gong frå Syria, men frå andre land som til dømes Afghanistan eller Somalia.

Den massive innvandringi frå den tredje verdi fører til problem på mange ulike nivå - som med ghettonaning, kriminalitet og terrorisme. Terroristane som gjekk til massemord i Bataclan i Frankrike hadde sjølve kome til Europa som “flyktingar”.

Ved neste århundreskiftet kjem det til å vera fire milliardar afrikanarar i Afrika. Me løyser ingen av problemi i den tredje verdi med å taka ein brøkdel av dei inn til Europa. Snarare tvert imot. Um ein til dømes ser på Somalia, so er folketallet i dag på kring 10 millionar - og det kjem til å verta nesten 60 millionar kring neste århundreskifte. Me kann taka inn so mange somaliarar til Norden at det skiplar fullstendig um på den sosiale samansetnaden i våre egne samfund, og det utan at det endrar det tær på stoda i Somalia.

Innvandringi til Europa hev vorte til ein invasjon, hevdar Söderman. Med ein militær invasjon so byrjar det gjerne med at artilleri hamrar forsvarsskansane flate slik at det ikkje er nokor motstandskraft att når infanteriet stormar fram. Med masseinnvandringi so sviv det seg ikkje um ein invasjon med våpen eller artilleri i reint fysisk forstand. I staden er det massemedia og skule som hev mjuka upp dei mentale og ideologiske forsvarsverki - med di dei i mange tiår hev hamra dei sekulære, universelle og “humanistiske” verdiane inn i folk.

For 30 år sidan vilde svenskar ha forlangt full stogg i innvandringi dersom dei vart fortalde at dei kom til å verta etnisk minoritet i sitt eige land, men i dag er det fritt fram for land i den tredje verdi til å dumpa folketalsyverskotet sitt i dei ein gong so homogene og konforme nordiske landi.

Den tredje verdi treng eit sterkt Europa

Dei sekulære “humanistane” som på vegner av oss alle ynskjer “refugees welcome”, dei er

som kvitkalka graver, hevdar Söderman med eit bibelsitat. Dei er fine å sjå til, men fulle av rotenskap på innsida.

Upp mot dagsens “humanistiske” godmenneske-etikk set Söderman den tradisjonelle riddar-etikken frå millomalderen. For riddaren galdt det um å verna um dei veike, men fyresetnaden for dette var at riddaren sjølv var sterk (den blinde kann ikkje leida den halte).

I Afrika hev ein ovstore problem å slita med, som til dømes dei evigvarande borgarkrigane i Kongo og Sudan - eller med Sudafrrika som hev gjenge frå å vera eit moderne “vestlegt” land til å verta endå ein vanstyrd stat i den tredje verdi - med fatigdom og kriminalitet.

Den største rikdomen eit land kann ha er menneski som bur der. Det er nok å syna til Tyskland som bygde seg sjølv upp att frå ein ruinhaug til eit “Wirtschaftswunder”. Dersom Europa skal søkkja ned i den same hengjemi som i Afrika, med dysfunksjonelle samfund utan indre samanhengskraft, då hev me samstundes yverlate Afrika til seg sjølv.

Ei festning gjev tryggleik og handlefridom

Titelen “Fortress Europe” kann verka skræmmande på sume, kann henda vekker det assosiasjonar til den tyske krigspropagandaen um “Festung Europa”. Som eg alt hev vore inne på so er det slett ikkje den andre heimskrigen, men snarare riddaretikken frå det føydale Europa, som er referanseråme for Söderman sitt titelval.

I føydaltidi var det slik at folket kunde flykta inn i festningi i ufredstider. Då vart vollgravene fylde og portar heiste. Slik fekk ingen sleppa inn i festningi som ikkje høyrde til der. I fredstid stod festningi derimot opi, og kven som helst kunde gå inn og ut som ein vilde.

I Magnus Söderman sitt “Fortress Europe” so er dei europeiske landi opne for alle som vil koma på gjesting - men når det røyner på so er det Europa sine egne folk som skal prioriterast. Dei som treng hjelp må få det - i egne nærumråde der kostnadsnivået er lågt og ein kann hjelpa flest moglegt. Flyktingar som treng å vera i Europa kann einast få mil-lombels opphelde - i egne flyktinglæger. Kriminelle innvandrarar må nådelaut sendast ut or landet. Menneskesmuglarar må straffast med lovi sine strengaste straffer.

Det må verta samsvar millom grensekontroll og asylpolitikk

Same kor strengt vakthaldet um grensone skulde vera, so hindrar det ikkje folk frå å

koma so lenge det likevel er so mykje å vinna på å snika seg inn og få søkt um opphelde. Dei fleste asylsøklarane som kjem seg inn vert aldri returnerte. Det er nett den store diskrepansen millom ein streng grensekontroll og ein slepphendt utsendingspolitikk som gjer at ein fær so mange menneskelege tragediar der folk druknar i Millomhavet eller vert køyvde inne i containarar.

Her må det verta eit samsvar millom både grensekontroll og asylpolitikk. Det trengst ei streng handheving på bae nivå. Det må verta slutt på at ein hev krav på “individuell vurdering” og rett til sosial studnad medan søknadene vert fyrehavde. Det må sendast eit klårt signal ut til umverdi um at det er rett og slett ingenting å vinna på å koma: Europa hev ingenting å tilby dei.

Magnus Söderman er yvertydd um at dei konkrete framleggi som han legg fram er det som faktisk kann gje ei løysing på “flyktingstraumen” inn til Europa.

Söderman segjer i boki si ingenting um dei krigane som vestlege makter hev stelt i stand og som ofte hev lagt grunnlaget for asylstraumen inn i Europa. Her vilde sume kanskje ha sagt at det er kynisk å taka til ords for stengde grensor og repatriering utan at ein samstundes tek tak i den politikken som hev ført til at innvandrarar strøymar inn frå øydelagde statar som Syria og Libya.

Politikarane må reisa festningi - eller dei må skiftast ut

Under alle umstende so kann ein ikkje gjera seg illusjonar um at innvandringi inn i Europa skal verta mindre berre det vert fred og velstand i asylsøklarane sine heimland. Tvert imot syner historiske røynslor at aukande velstand einast fører til at endå fleire fær råd til å vandra ut, og det er dei mest ressurssterke som reiser ut. Jamvel i vårt eige Noreg var det likeins med utvandringi til Amerika, ho skaut fart med kvart som folk i Noreg fekk det betre.

Soleides kann denne veikskapen med boki like godt gjerast til ein styrke - for poengi som Söderman målber er ikkje til å koma i frå. Skal ein stogga masseinnvandring, so er det ikkje nok å stogga krigar - ein treng ei europeisk festning der vollgravene er intakte og der portane kann stengjast når det trengst. Dei europeiske politikarane må snarast råd setja i gong med å reisa denne festningi, og vil dei ikkje gjera det so må folket skifta dei ut med politikarar som både vil og kann gjera det.

Systemet er problemet Av Thomas Villmannen

Sosial dumping, lønsnedsetjing og tapte faglege og sosiale rettar er lekk i den globale økonomiske krigen USA fører. Denne krigen hev for lengst kome til Europa og Tyskland. Å avgrensa seg frå elendet hjelper ikkje.

Protestar og streikar som endar i gateslag i Frankrike. Demonstrasjonar i Belgia, Portugal og Hellas. "Innsparingspolitikken" åt dei politiske og økonomiske elitane i Europa gjeng sin gang. Stødt fleire menneske svarar med å ta til gata. Brennande bostunnor fortel um folkemassar i raseri. Politiet grip inn, brusteinsregnet vert møtt med tåregass og batongar. Opptrapping trugar.

Kva hender? Styresmaktene stryper løner, sosiale studnadsordningar og alderstrygder. Dei set opp pensjonsalderen, dei let arbeidsmiljølovfeste rettar få gå yver i saga - jamvel i Tyskland. Dei som vert råka fær høyra at endringane er "smertefulle, men naudsynte" - og alt pakka inn i mediedebattar um late trygdemottakarar og "taparane hev seg sjølv å takka"-retorikk. Samstundes fær dei rikaste gleder av å putta dei umfordelte velferdsmidlane rett ned i eigi lumma. Burtforklaringane er det ingen som kann tru på - med mindre ein tenkjer at økonomien fungerer på same måten som Oma Else si setlebok.

Lat oss koma i hug at me i våre dagar, med stødt mindre menneskeleg innsats, produserar meir enn nokosinne. Berre i det seinaste tiåret steig det verdsvide bruttoinnlandsproduktet med nesten 60 prosent - til 75 billionar US-dollar i år 2015.

Det syner oss: Kvar ei lovendring som lengjer den yrkesaktive alderen er reine tyleferdi når ein tek den aukande automatisering med i reknestykkjet. Det er berre eit middel til å skjerpa utbytingi, gjera folkemassane til kniktar under monopolkapitalen. Dei menneski som ein framleis hev bruk for skal få arbeida til dess dei stuper, dei hine skal få lov til å gå i hundane - utan studnad eller medynk frå nokon, sidan politikarar og media alt hev slege fast at det ikkje er noko synd i dei. Alt dette for å sikra rikdomen åt ein liten minoritet.

Med repressive likerettingslover som Hartz IV eller dei nyss innførde "integrasjon-slovene", so er ein sikra at det til kvar tid finst ein her av dei viljuge - uorganiserte arbeidslause som kva tid som helst kann gå inn og ta dei lågtlønnsjobbane som skulde venta på dei. Ingen av dei nemnde lovene er noko anna enn eit samansurium av svartpedagogisk kadaverdisiplin. Dei segjer til den vesle arbeidsman-



"Det er ikkje noko å lura på: Fordelingskampen kjem til å verta hardare."

nen: Teg stilt! Um du segjer frå, so finn me ein billigare slave som kann ta jobben din!

Resultatet: Stødt fleire vert uppsagde. Arbeidstakarane hev ingen tingingsfridom att. Dei ein gong so mektige fagforeiningane, som i millomtida hev mutert til å verta statsbyråkratiske varveitslinsorgan, hev ingenting dei skulde ha sagt. Dei dårlegast stelte menneski kjempar um jobbane - der dei tidlegare kunde stå saman. Serskilt gjeld dette tenesteytande yrke, som i Tyskland tel heile 25 prosent av arbeidsstokken.

Millom dei arbeidslause finn ein dessutan det store fleirtalet av dei ulovlege innvandrane som i 2015 strøynde inn i Tyskland. Sidan dei ikkje hev nokor relevant yrkesutdanning eller studiekompetanse, so vert dei verande millom klientellet. Etter at dei endelegt hev fenge opphalds- og arbeidsløyve, so hev dei ikkje anna å gjera på enn å jakta på jobbar i lågtlønssjiktet - og der er det alt mange nok um beinet. Dei vert nøydde til å beda staten um hjelp, og soleides held dei berre fram med å vera til last for sosialsystemet.

Ja, kapitaleigar-krigen mot lønsmottakarane er godt i gang. Slummen hev alt etablert seg i Europa, og - kven hadde trudd det for 25 år sidan - jamvel i dei tyske storbyane. Midt i millom oss veks det fram elendssamfund som trugar den sosiale freden.

Det er yver og ut med småe og trygge verder i trafikkfrie, grøne rekkjehusgrannelag. Ingen økobonde, ingen helsekostbutikk, ingi bio-frukostblanding kjem til å berga oss frå denne vanstoda. Miseren skriv seg ikkje frå vantande øko-bensin. Miseren er snarare super-bensinen åt elitane som stødt ynskjer snøggare umfordeling yver i egne

lummor. Stødt snøggare og meir effektivt so fyller dei denne super-bensinen på tankane sine. Superbensinen deira hev mange namn: Oreigning, hertaking, kontroll, tyning, åger...

Problemet er like globalt som rikfolket si imperialistiske krigføring for økonomisk herredøme er det. Det potenserar seg med visnande solidaritet millom millionar av småe konkurrentar som kjempar um jobbar, bus-tader, sosialt umdøme og den vage sjansen til å "gjera karriere".

Det er ikkje noko å lura på: Fordelingskampen kjem til å verta hardare. Det syner seg ikkje berre med mobbing på arbeidsplassen. Ikkje berre med køar framfor bemanningsfirmaet. Ikkje berre med Pegida og med fanatiske vinstreestremte motdemonstrantar. Det syner seg dessutan i den stille vanvyrdnaden som me møter gamle menneske og huslause med på gata. Det syner seg med vantande reaksjonar på skjerpa Harz IV-lover - eller med vantande reaksjonar på dei paternalistiske oppsedingslovene for asylsøklar-familiar. Dei sistnemnde er visselegt komne illegalt inn i Europa, men det er den globale giren etter nytt og utskiftande menneskematerial som hev lokka dei til oss.

I grunnen burde me verta rasande yver at elitane ikkje sjølve vil taka konsekvensane av deira eigen politikk. Elitane held i staden fram med å tyna mest moglegt ut or dei som stend ved samlebandi, dei som vaskar toalett eller dei som steller born, gamle og sjuke. Dette gjer dei i framhaldet av alt det andre dei hev gjort. For den "meirverdien" som vanlege arbeidarar hev skapt, han er for lengst komen inn på kontoane deira - ikkje våre. Men me vel å kasta blikket ned - i smug eller heilt openlyst - på dei som er endå dårlegare stelte enn oss

sjølve. Komplekset um at “slike hev seg sjølve å takka”, det er diverre so altfor fast forankra.

So lenge tilhøvi ikkje endrar seg, korkje i Europa eller i verdi elles, so er det ikkje rart at arme sigøyningar satsar alt på eitt kort og freistar søkja lukka i dei “rike” vesteuropeiske landi. Ein jobb, eit hus... alt det kann ein misa. Familien derimot, han vert verande. Og slik samlar dei seg, som i hundreåri fyreåt, i moderne husvogner og legg ut på reisa. Meir enn nokosinne, for grensone er vortne flytande. Med seg på reisa tek dei det som i hundradtals år hev vore deira eigen ukultur - med tjuveri, prostitusjon og tiggung. Fylgjone ser ein i millomti i kvar ein tysk storby der desse menneski slær seg ned.

Det er desse tilhøvi som me treng um å endra. Skal me få til det, so er det ikkje nok å

solidarisera seg med eit nedrykkstruga mil-lomsjikt. Me må ta kvar ein tiggande sigøyner, kvar ein afrikansk flyktning, kvar ein asylsøkjande muslimsk familie, kvar ein innvandra austeuropear, kvar ein heimlaus tyskar - med oss i båten. Ingen av desse fortener å sitja tiggande i ein slum i Berlin Mitte, i Duisburg-Marxloh eller i Frankfurt-Gutleutviertel. Alle desse - og kvar ein svolten unge i Somalia, kvar ei tekstilarbeidarinde i Bangladesh, kvar ei bulgarsk gateprostituert, kvar ein muslimsk familie i eit tyrkisk flyktninglæger - hev med oss òg å gjera, um me likar det eller ikkje. Dei er ein part av den røyndomen som mange let att augo for, men som berre pressar seg meir og meir på. Problemet er heile systemet!

Dette systemet skaper sosial ulikskap med di det kløyver upp samfundi, plukkar dei ifrå kvarandre og set dei ihop att slik det til kvar

tid høver interessone åt storkapitalen. Det er nokre fåe menneske som kontrollerar mykje. Langt burte frå ghettoane og slummane i europeiske storbyar, i “gated communities” med høge murar, videoyvervaking og vaktten-estor - langt undan all kriminalitet. Det er desse menneski som me lyt få stelt til andsvar - slik at andre menneske slepp å reisa frå heimlandi sine, men helder kann få ha meiningsfulle liv på stadene der dei hev dei etniske og kulturelle røtene sine.

Og: Me er nokre slags krigsflyktningar, me òg. Me flyktar frå økonomisk ulevelege billeg-jobbar eller me gøymer oss attum skrivebordi våre, som - enno - gjev oss ei månadsinntekt. Enno!

“Nazistar”, finst dei enno?

Av Olav Torheim

Er nazistar og islamistar like ille? Påstanken vart nylegt sett fram av ein person som grunn gav utsegn si med det at bae tvo hadde “forskrudde” og “ekstreme” meiningar, difor var dei for eitt og det same å rekna. Jamvel um resonnementet var ein rein Morlille-syllogisme, so fekk det meg til å tenkja: Kva er nazisme? Finst nazistar i dag, og kven er dei?

Nokon autoritativ definisjon på nazisme er ikkje so lett å finna fram til. Um du spyrr mannen i gata, so kjem han neppe til å gje deg nokon definisjon, men snarare ei rad med døme på ugjerningar som skal vera nazistiske: Raseskilje, jødeforfylgning, gasskammer og folkemord (og i alle fall ikkje Autobahn, dyrevelferd eller arbeid til alle)...

Jamvel utan nokon klår definisjon, so er det dimed klårt for dei fleste at nazisme er noko som må nedkjempast med alle midlar. Soleides er det helder ikkje so rart at media i tur og orden hev fortalt oss at Saddam Hussein var ein Hitler, Gadaffi var ein Hitler og at Assad er ein Hitler. I det siste hev me jamvel fenge høyra at Donald Trump er som Hitler...

“Nazisme” i daglegtala

Under det tredje riket kalla styresmaktene seg for nasjonalsosialistar, ikkje nazistar. Nemningi “nazisme” er utforma av nasjonalsosialismens ideologiske motstandarar - og slik sett er det ikkje so ulikt frå ei onnor sterkt negativt ladd nemning: “stalinisme”.

Stalinisme er eit umgrip som i dagleg-



Nazistar, den gongen. Kven er “nazistar” no?

tala karakteriserar eit totalitært regime med umfemnande yvervaking og forfylgning av politiske motstandarar. På same måten som med “nazistar”, so vil du helder ikkje finna folk som sjølve kallar seg “stalinistar”. Kommunistar som forsvarar Stalin vil snarare kalla seg for marxist-leninistar - og i motsetnad til “nazistar” so risikerar dei ikkje straffeforfylgning um dei steller spursmål ved den offisielle sogeskrivingi...

Realdefinisjonane på både “nazisme” og “stalinisme” inneber at det i bae høve sviv seg um politiske regime som hev drepe og forfylgd menneske på ein grusam måte. Det er dette me snakkar um når me i daglegtala skuldar andre for å ta i bruk “nazistiske” eller “stalinistiske” metodar. Det sviv seg fyrst og fremst um

handlingar og verkemidlar og mindre um ideologi - same kva den historiske nasjonalsosialistiske eller marxist-leninistiske ideologien opphavlegt skulde gå ut på. Det siste vert rett og slett ein annan diskusjon.

Nasjonalsosialisme i historisk kontekst

Ein kjem ikkje i frå at den tyske nasjonalsosialismen var ei historisk ovring som oppstod som ein reaksjon på andre historiske ovringar, ekstrem-liberalisme og kommunisme. Det tyske samfundet var ikkje fyrebudd på det som venta dei, og det pressa fram ein reaksjon - ein ekstrem reaksjon, rett nok.

Kva gjeng so den opphavlege nasjonalsosialistiske ideologien ut på? Helder ikkje her er det råd å koma med noko klårt

svar. Innanfor det tyske NSDAP fann ein både ein borgarleg fløy og ein revolusjonær, antikapitalistisk fløy. Ein fann både ein kyrkjeleg fløy og ein nyheidensk fløy. Nokon klår og tydeleg verdsåskodande ide finn ein ikkje i NSDAP. Det som derimot var det samlande, det var truskapen til Adolf Hitler, til partiet NSDAP og til det tyske riket.

Etter 1945 var Adolf Hitler død, dei hine NS-leidarane vart avretta, NSDAP vart forbode og tvo nye statar (BRD og DDR) vart grunnlagde på ruinane av det tyske riket. Alle dei tri samlande pilarane for nasjonalsosialismen var dimed burte. Det er soleides ikkje lenger moglegt å snakka um nokon "nazisme" etter 1945 - for nasjonalsosialismen som historisk fenomen er død. Når media i seinare tid hev byrja tala um "ny-nazistar", so er det nett av di dei veit dette godt.

Naturlegvis finst det personar og grupper som på den eine eller andre måten ynskjer å vera ideologiske arvtakarar. Desse vert i so fall nøydde til å velja seg ut kva for ein av dei mange ulike tendensane innanfor den nasjonalsosialistiske rørsle det er dei ynskjer å reindyrka og føra vidare. Same kor "autentiske" dei sjølve tenkjer at dei skulde vera, so kjem dei ikkje i frå at det dei gjer er å konstruera noko nytt. Um ein til dømes les "Die zweite Revolution" av Michael Kühnen, som gjennom heile 1980-talet var ein leidande ideolog og organisator innanfor tysk "nynazisme", so målber han ein klår kritikk mot Hitler - og han tek til ords for ei politisk lina som den gongen vilde ha vorte slege ned på som "strasserisme".

Her kann ein draga ein parallell til spansk "falangisme": I den grad det finst folk som kallar seg for "falangistar" i dag, so er det dei nasjonal-syndikalistiske ideane åt Primo de Rivera som dei knyter seg upp til, ikkje den autoritære Franco-staten - som aldri sette dei nemnde ideane ut i livet.

Javisst finst det framleis "nynazistar" som er upptekne av å kopiera symbol- og språkbruken frå det tredje riket, meir enn 70 år etter at NS-regimet kollapsa. Frå norske massemedia høyrer me til dømes stødt um Nordfront. Det burde vera ein tankevekkjar for desse at nasjonalsosialistane i si tid gjorde det stikk motsette av det dei gjer: Dei skapte ein heilt ny estetikk. Nasjonalsosialismen var noko heilt nytt då det kom, og ideologane deira såg på det som ein freistnad på å gjera ein syntese som yverskreid skiljelinone mellom dei tvo andre ideologiane som var

rådande på den tidi, liberalisme og marxisme. Nasjonalsosialistane var ikkje keisarrrike-nostalgikarar eller monarkistar.

Nazistar, riddarar, vikingar og andre anakronismar som brikkor i eit spel

I daglegtala er "nazisme" vorte til eit reint skjellsord. Nokon definisjon kann ein ikkje tala um, sidan det normalt berre vert gjeve flusst med døme på negative hende og ting som skal assosierast med ordet "nazisme".

So lenge "nazisme" ikkje hev nokon definisjon, men einast vert konkretisert med ei rad ulike døme som skal framkalla skrekk, so er ikkje denne nemningi eigna til anna enn ein einaste ting: Å laga nye samanstellingar der alt som ein ikkje likar skal assosierast med "nazisme". Det er ikkje eit umgrep ein kann nytta til å diskutera noko meningsfullt, med di ein meningsfull mental modell vantar - det sviv seg einast um assosiasjonar.

Um ein ser på nasjonalsosialismen som eit historisk fenomen, so ser ein derimot at det var ein handfast reaksjon på andre historiske fenomen som ein ikkje kann lausriva seg frå. Nasjonalsosialismen var ei politisk kraft å rekna med fram til 1945 - då han vart nedkjempa med våpenmakt og alle dei strukturane som han kvilte på vart knuste.

Konklusjonen må dimed vera: Det finst ingen nazisme etter 1945, og å snakka um "nazistar" i dag er ein rein anakronisme. Dei finst like lite som "riddarar" eller "vikingar" finst. Til dømes må ein gjerne meina at Lars Monsen er "ein ekte viking", men med den historiske vikingtidi hev det ingenting å gjera...

Derimot finst det no som den gongen styresmakter og regime som både myrdar og forfylgjer menneske med metodar som ut frå daglegdags språkbruk både kann kallast for "nazistiske" og "stalinistiske" - og der våre eigne norske leigesoldatar er med, med kamprop som skal ta dei "Til Valhall". Det burde vera nok å nemna krigføring i Afghanistan, Irak, Libya og Syria. I den grad det framleis trengst "kamp mot all nazisme" so er det her at kreftene bør setjast inn i dag.

Det er elles verdt å merka seg at i massemedia so er 1938 og München-forliket aldri langt undan. Vil ein ikkje ha nye NATO-krigar, so er ein som Chamberlain, heiter det. Men politikk er ikkje re-enactment. Dei som trur det, dei legg sjølve upp til at saga skal gjenta seg - både som ein tragedie og som ein farse.

Kva skal eg vera redd for?

Sume er visst redde etter at Trump vart vald til president. Det er i alle fall det som norske media fortel oss. Helst bør ein snakka med borni sine um Trump og roa dei ned (kven hev skræmt dei upp, tru?).

Sjolv undrast eg fyrst og fremst på kva det er ein skal vera redd for...

Skal eg vera redd for at Trump vil ta USA ut or NATO? Skal eg vera redd for at forsvarsbudsjettet i so fall må brukast på å verna Noregs grensor i staden for å kriga for Uncle Sam i Afghanistan?

Skal eg vera redd for at Trump gjer slutt på USA sin politikk med "regime change" og demokratieksport til ulydige statar og land i Midtausten? Skal eg vera redd for at det vert slutt på straumen av pengar og våpen frå USA-allierte til "moderate" terroristar og jihadistar i Syria?

Skal eg vera redd for at Trump vil draga USA ut or dei løynde TTIP-tingingane som gjev multinasjonale selskap løyve til å saksøkja statar som tryggjer faglege rettar eller som set miljø framfor profit? Skal eg vera redd for at mitt eige land, Noreg, likevel ikkje vert drege inn i dette systemet?

Skal eg vera redd for at Trump vil få ein slutt på at industriproduksjon vert flutt ut frå vestlege land og yver i lågkostland som Taiwan og Kina? Skal eg vera redd for ein økonomisk politikk som gjer slutt på at Kina kjøper upp tradisjonsrike teknologiverksemder berre for å taka yver patent og kompetanse og leggja verksemdene ned?

Skal eg vera redd for at Trump vil stogga ulovleg innvandring inn i USA? Skal eg vera redd for Trump sin nådelause dom yver Angela Merkel som ynskta 1,5 millionar "refugees welcome" inn i Tyskland? Skal eg vera redd for at det vert færre nyttårsnetter som i Köln?

Skal eg vera redd for signaleffekten som Trump-valet gav? Skal eg vera redd for at Norbert Hofer vert vald til bundespresident i Austerrike i desember - og at Marine Le Pen vert president neste gongen det er val i Frankrike? Skal eg vera redd for at det ikkje berre er Viktor Orban som talar med ei sjølvstendig røyst i Europa?

Nei, det einaste eg er redd for er at Trump skulde vera som alle andre politikarar - ein som lovar gull og grøne skogar, men som ikkje leverar når han er komen til makti.

Men um berre ti prosent av det han hev lova vert røyndom, so skal eg vera nøgd - i alle fall i denne umgangen!

Fylkesbaatane viste veg - skal fylkespolitikarane sleppa roret?

Av Olav Torheim

Jamvel um konkurransetilsynet sette foten ned, so ynskjer Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane framleis å selja dei siste aksjepostane sine i det som ein gong var Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane. Med den varsla regionreformi er det i neste umgang Sogn og Fjordane Fylke som sjølv skal ut på billegsal. Soga åt Fylkesbaatane syner kor som er at det alltid hev lønt seg å ha politiske institusjonar som ein nyttar for det som dei er verdt - framfor å selja seg ut og dimed yverlata politikken til marknadskreftene.


Kring 1850 fekk me det som i ettertid er vorte kalla for "det store hamskiftet" i Noreg, Det vart bygt betre vegar og lagt jarnbane, landbruket vart effektivisert og industrialiseringi skaut fart. Kor som er so vart Vestlandet, og serskilt Sogn og Fjordane, liggjande etter i denne utviklingi. Kommunikasjonane var dårlege og livet heldt fram som fyrr i dei gamle bygdene. Lokale ressurspersonar forstod at fylket var åt å verta akterutsigla, ein fekk ikkje vera med på den voksteren som kom resten av landet til gode. Det er her soga åt Fylkesbaatane tek til...

Med båt skal fylket byggjast

For å få bringa "sivilisasjonen" inn i vestlandsbygdene, som representant Sverdrup fekk seg til å seija i Stortinget, so vart det teke til ords for at staten skulde gå inn og syta for dampskipsruta millom Bergen og Lærdal. Slik skulde ein få posten snøggare fram - og samstundes få frakta på både folk og varor. Framlegget frå Sverdrup vart røysta ned: Staten vilde helder at private båt-lag skulde driva den påtenkte postbåttruta, so kunde staten helder yta økonomisk studnad. Problemet var berre at for private var det ein altfor stor økonomisk vågnad å starta dampskipsruta frå Bergen til Sogn, og dei private kom under alle umstende einast til å ha stoggestader der det lønte seg, og ikkje der det tente samfundsboten i fylket best.

Det var i kjølvatnet av alt dette at eit ekstraordinært amtsting den 28. november 1857 - i det som den gongen var Nordre Bergenhus Amt - gjorde vedtak um å setja ned ein "direksjon" og sjølve kjøpa inn dampbåtar. Sidan korkje staten eller private vilde driva dampskipsfart, so skulde amtet sjølve driva båtane.

Fyrst so freista dei å få teke upp eit lån til å finansiera båtkjøp, men det var ingen bank som var viljuge til å låna dei pengar. I staden



D/S Hornelen

enda det med at amtet ferda ut obligasjonar og fekk samla inn pengane som dei trong på den måten. Dei tvo fyrste dampbåtane, "Framnæs" og "Fjalir", vart tinga og bygde i Skottland. Attåt dette vart det kjøpt inn egne kolskip til å henta kol frå Storbritannia - det siste var i lengdi billegare enn å kjøpa kol frå lokale kolimportørar.

Medan andre fylke fekk private dampskipselskap, so hamna Sogn og Fjordane soleides i den serstoda at det var fylket sjølv som skulde driva med båtdrifti. Direksjonen var oppnemnd av amtstinget og det var amtstinget som vedtok rekneskapen for verksemd.

Fram til Florø vart grunnlagt i 1860 som ein "ladestad" for båtar, so hadde ikkje Sogn

og Fjordane ein einaste stad som var for ein by å rekna. Varetransporten med fisk og frukt gjekk på jekter til Bergen. Jamvel um det var utanfor fylket, so var det soleides naturleg at direksjonen for dampbåtane hadde administrasjonen sin i Bergen, og slik vart det (fyrst 128 år seinare, i 1986, flutte Fylkesbaatane administrasjonen sin "heim att" til Florø).

Selja eller ikkje selja?

Aukande ferdsle førde til krav um nye båttruter og stoggestader og soleides trongst det fleire båtar. Nye båtar laut lånefinansierast, og med det kom spursmålet stødt upp att: Skal amtet taka upp lån og sikra at damskipferdsla fær ekspandera eller vert



Fortun Stavkyrkje i Luster vart plukka ned, lasta umbord i D/S Hornelen og sett upp att på Fantoft i Bergen.

oppgåva for stor og vågeleg for fylket?

Gong etter gong kom spursmålet opp i amtstinget um det ikkje var betre å selja båtane og yverlata verksemd i vidare til private. Til dømes i 1878 då store reparasjonskostader og tevling frå det private dampskipet "Lyderhorn" gjorde at amtstinget i fyrste umgang gjorde vedtak um sal - men der det einaste kjøpstilbodet til slutt vart avvist. Likeins kom det framlegg um sal både i 1880 og 1889, men baa gongene vart det røysta ned.

Ofte var det slik at dei som tok til ords for sal sjølve hadde styreumbod eller eigarinteressor i private dampskipverksemd. Kvar gong enda det likevel med at ein fekk fleirtal for å halda fram verksemd i og låna dei pengane som trengst til ein større flote. Soleides fekk ein jamt og trutt fleire båtar, som med D/S Hornelen, D/S Sogn, D/S Lærdal, D/S Alden og D/S Kommandøren (uppkalla etter direksjonsformann Thoul). Med tidi fekk ein meir enn eit titals store dampbåtar.


Turisme, nasjonalromantikk og nynorsk mål

Tidlegt på 1800-talet var studentane Boeck og Keilhau på reisa i eit fjellområde som til dessar hadde vorte kalla for "Langfjelli", men som desse tvo umdøpte til Jotunfjelli. Diktatar og kunstnarar, som til dømes Wergeland og Ibsen, tok til å gjesta desse fjelli. Aasmund Olavsson Vinje valde å kalla fjelli for "Jotunheimen", og dei er sidan den gongen vortne heitande so.

Ordet um Jotunheimen gjekk Nord-Europa rundt, og frå England kom jarlane Watson og Kilsby - som kleiv opp på Galdhøpiggen og Store Skagastølstind.

Med dette fekk båtane ei ny og viktug inntekt: Turistferdsla. Turismen gav nye inntekter til dei tidlegare so isolerte bygdene langt inne i Sogn, men han gjorde samstundes mykje skade på gamal bygdeskikk. Gamle, tradisjonsrike hus vart rivne og skifte ut med nye so snart folk fekk råd til det. Til dømes vart stavkyrkjene rivne og skifte ut med større og meir moderne kyrkjer, slik det til dømes gjekk med stavkyrkjone i Sogndal, Hafslo og Årdal. Gamle Fortun Stavkyrkje vart derimot berga med di ein bergensar kjøpte henne, fekk henne lasta umbord i D/S Hornelen og transportert til Bergen der ho vart sett opp att som Fantoft Stavkyrkje (ho burde snarare ha vorte kalla for Fortun Stavkyrkje på Fantoft, på same måten som me hev Gol Stavkyrkje på Bygdøy).

På dei fyrste båtane hadde ein både fyrste, andre og tredje plass (klasse). Fyrste



M/S Hornelen var det fyrste moderne frakteskipet.

plass var for turistane, andre plass for vanlege ferdefolk og tredje plass for folk som vart sitjande ute på dekket. På denne tidi var folk flest framleides vande med å ferdest med opne jekter, der ein heile tidi var under open himmel.

Det vert rapportert um "vill vest"-liknande tilstand med fest og fyll ute på tredje-plass, og det vart ved fleire høve sendt klageskriv um dette. I "Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane gjennom 100 år" heiter det at:

"På jektene fekk ein i dagevis klara seg utan overbygt dekk. Dei fyrste dampbåtane, Framnæs og Fjalir, hadde heller ikkje overbygt dekk framme; men så kom ein og fram på stutt tid, der det tidlegare tok veke. [...] Seinare kom det dekk framme, men plassen var alltid trong. Ei tid tok ein bort 2. plass for å gjera 3. plass romslegare, men så kom det klager frå mange over dette. 1. plass var for dyr, på 3. plass var det ufyseleg trongt, mykje drykk og banning. Dei ville ha 2. plass attende, og fekk det. Kritikken over stellet framme i båtane kom tidleg, alt i 1871 heldt folkehøgskulestyrar Wollert Konow, seinare statsminister, eit foredrag om dampbåtane på fjordane vestpå og skildrar tilstanden: vond lukt, trakking att og fram, råskap av sluskar og anna rekarpack osv. Her måtte eit brigde til. Ein måtte byggja skip med berre ein plass og med godt utstyr. Då ville folk læra å fara høvisk fram, dei ville læra av kvarandre og læra god folkeskikk".

Soleides fekk ein endå ein grunn til å få større båtar der alle kunde plasserast under tak på andre plass, og der alle laut læra å te seg som folk. I den fyrste tidi var det elles vanlegt med brennevinssal umbord på båten, men dette vart det seinare slutt på - i byte mot at restauratørane vart kompenserte med litt høgare løn.

Millom turistane som kom til Sogn finn ein jamvel tyske keisar Wilhelm, som sette

opp Fridtjofstatuen på Vangneset. Ved avdukingi var både keisar Wilhelm og kong Haakon til stades. Keisar Wilhelm sa i tala si at statua skulde stå "som et manende tegn for skandinaverne, tyskerne, angelsakserne og alle stammer som med stolthet regner seg til den indogermanske folkegruppe. [...] Fridtjov står støttet til sitt sværd, som er germanernes ædleste våpen". Kong Haakon takka i nokre velvalde og varsame ord...

I 1913 kom det krav frå lokalt hald um at rutehefti i Sogn skulde vera på nynorsk, og med namneendringi frå amt til fylke so vart "Nordre Bergenhus Amts Dampskibe" til "Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane". Frå 1924 av vart rutone for Fylkesbaatane prenta på nynorsk. Det vart dinæst sett fram krav um at alle oppslag skulde vera på nynorsk, og slik vart det med tidi.

I 1930 kom Vestlandske Mållag med eit skriv der dei oppmoda Fylkesbaatane til å nytta nynorsk ved brevbyte og på skjema. Direktør Torgersen svara dei at: "Av personalet ved Fylkesbaatanes kontor er det for tiden få som kan skrive nynorsk. Direksjonen finner finner av den grunn at overgangen til nynorsk må foregå suksessivt, men at skrivelser på nynorsk som herefter mottas, såvidt mulig skal bli besvart i samme målføre". Seinare i det same året so vedtok fylkestinget med 33 mot 4 røyster at nynorsk skulde nyttast både ved brevbyte og på skjema, og slik hev det vore sidan.

Industrialisering, ekspansjon - og eksplosjon

Tidlegt på 1900-talet tok ein til å byggja ut kraftkrevjande industri, som i Høyanger og i Svelgen. Soleides auka det berre på med transport av både varor og folk, og større og meir moderne dampskip vart bygde. Det siste store dampskipet som vart bygt var D/S Fanaraaken som vart bygt i 1937 og som var

i drift heilt fram til 1970 (frå 1955 av var dei siste dampbåtane rett nok fyrde på brensel-solje).

Med tidi fekk dei store dampskipi tevling frå mindre, private motorbåtar som freista kapra passasjerar på dei mest lønsame strekki. Fylket svara med å køyra kampanjar der dei oppmoda folket um å stydja fylket sine egne båtar. Dei var dei einaste som dreiv med båtrutor på alle strekke der dei trongst, same um det lønte seg eller ikkje.

Andre heimskrigen var dramatisk for Fylkesbaatane. Reint økonomisk og ressursmessig so vart det verre og verre å få tak i kol, og det enda med at dampbåtane vart drivne på vedfyring i staden. Men menneskelegt so var kostnadene store, dei med: D/S Framnæs kom under åtak frå britiske fly i Frøysjøen og seks menneske vart drepne. Den same novembermånaden i 1944 so vart D/S Gula bomba i Sognesjøen og tvo pas-sasjerar miste livet.

Den store eksplosjonen i Bergen i den 20. april 1944 førde dessutan til at kontoret på Petanebryggja brann ned til grunnen og tvo av dei tilsette miste livet. Elles so vart Kommandøren søkkt med di ein tysk marinesoldat hadde drukke seg full og sende avgarde ein torpedo (!) mot skipet då det låg til kai i Bergen, og vaktmannen um bord miste livet.

Etterkrigstidi: Umstilling til nye transportmidlar

Alt på 30-talet var det byrja å koma betre vegar i fylket og biltrafikken auka på. Direksjonen i Fylkesbaatane skyna tidlegt at nye transportmynster var i kjømndi, og Fylkesbaatane var med på å grunnleggja lutlaget Sogn Billag, dei dreiv med bussdrift og varetransport. Samstundes førde den aukande biltrafikken til at ein fekk dei fyrste bilferjone.

Etter krigen slo dei nye tendensane ut i full bløming. Ikkje berre trongst det stødt fleire bilferjor, som med M/S Balholm som jamvel fekk tena til isbrytar (!).

På femti-talet vart det dessutan skipa sokalla snøggbåtrutor, altso reine passasjertransportar. Dette førde i neste umgang til redusert passasjertrafikk på dei gamle dampskiprutone med både passasjer-, krøter- og varetransport, og ein tok til å kjøpa inn nye båtar som dreiv med rein varetransport - til dømes M/S Hornelen (1952), som var den fyrste båten som var spesialbygd for pal-letransport.

Til passasjer-rutone til Sogn og Nordfjord tok ein i bruk systerskipi M/S Sunnfjord og M/S Sognefjord, som etter krigen hadde vorte umbygde frå ubåtjagarane "Kil-

wick" og "Kilham". Desse nye og staselege båtane vart tekne i bruk i 1949 og gjekk i ruta fram til 1970-talet, då dei vart avløyste av dei fyrste katamaran-båtane Fjordglytt, Fjordtroll og Fjordprins.

På denne måten fekk ein i etterkrigstidi umstelt seg til ei ny drift med bilferjor, snøggbåtrutor og frakteskip - og slik vart det verande fram til 2000-talet då umdanning til A/S og anbodsdrift skipla um på det meste.

M/S Nordfjord 1, i drift frå 1963 til 1991, var den siste båten som gjekk frå Bergen til Nordfjord og som både dreiv med passasjer- og varetransport. Kring årtusen-skiftet var det dessutan slutt på dei siste fraktebåtane. Nye vegsamband førde til at meir og meir varetransport gjekk på lastevogner i staden for båt, og Fylkesbaatane var altfor seint ute med å etablere eigen varetransport på land (den mislukka freistnaden deira på å taka opp kampen med Linjegods og andre etablerte aktørar på 80-talet er i ettertid vorten kalla for "godskrigen").

2000-talet: Kommers og politisk kollaps

I 2002 vart Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane slege saman med Møre og Romsdal Fylkesbaatar, og resultatet vart aksjeselskapet Fjord1 der Sogn og Fjordane Fylkeskommune hadde 59 prosent av aksjane og Møre og Romsdal Fylkeskommune resten. Den fyrste tidi hadde Fjord1 dot-terselskapi Fjord1 Fylkesbaatane og Fjord1 MRF, men dette er det vorte slutt på. I dag finst ikkje lenger namnet Fylkesbaatane i det heile, og jamvel det tradisjonsrike Fylkesbaatane-flagget hev vorte fira frå båtane for siste gong.

I 2010 tapte Fylkesbaatane anbudsrun-den um snøggbåtrutone til Nordfjord og Sogn, og dei byrge katamaran-båtane er våre dagar vortne selde og siglar ikring i det karibiske havet. Attende stend einast ferjedrifti, men jamvel her pustar konkurrenten Norled deim i nakken, som når dei miste den viktuge ferjeruta på Lavik-Oppedal.

Både namnet, flagget og båtane som gav verksemda tilhøyrsla og identitet er soleides vortne teke burt.

Skal fylket selja seg ut or sog?

Møre og Romsdal Fylkeskommune hev for lengst selt sine Fjord1-aksjar til ein privat aktør, Havila, og fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane hev ynskt at fylket deira på same måten skal kvitta seg med aksjane sine. Slik vert det etter meir enn 150 års tradisjon slutt på at fylket hev sine egne båtar. Hadde det ikkje vore for at Konkurransetilsynet sette foten ned for utsal til Torghatten, so hadde det skjedd alt no.

Men det stoggar ikkje der: I neste umgang er det fylkeskommunen sjølv som stend i fære for å verta lagt ned og inkorporert i ein "vestlandsregion" styrd frå Bergen. Ikkje berre vil fylkeskommunen sjølv selja seg ut or sin eigen samferdselspolitikk, i neste umgang skal ikkje fylket ha politiske institusjonar att i det heile.

Um me gjeng attende til 1855, so var det 81.496 menneske som budde i Sogn og Fjordane. Fylket var i røyndi yverfolka med dei næringsvegane og det ineffektive jordbruket som ein hadde den gongen (teigblanding), og utvandringi til Amerika berre auka på - serskilt frå Sogn. At det 150 år seinare enno ikkje er meir enn 110.000 menneske i Sogn og Fjordane, og det medan grannefylket Hordaland tel ein halv million, det syner soleides at det hev vore ei stor demografisk (demokratisk?) umskipling av tyngdepunktet på Vestlandet. Meir enn nokosinne trengst det at den politiske viljen i fylket hev eit institusjonelt rådeverk. Diverre tyder alt på at det motsette er å å skje.

Endå um folketalsvoksteren hev vore liten, so hev Sogn og Fjordane vore ei suksesshistorie - men som me ser, til dømes med sog aå Fylkesbaatane, so er dette eit resultat av at fylket hev havt visjonære ressurspersonar - og ikkje minst egne institusjonar og verksemdar - som hev arbeidd for å fremja eigenbaten å heile fylket, utan umsyn til reint private næringsinteressor. At staten ikkje vil og private ikkje vågar, det finst det nok av døme på i vår tid med.

Politikarane vil diverre selja båtane ut or fylket - og i neste umgang skriva fylket sitt ut or sog. Nett dei strukturane som hev fenge hevd, kontinuitet og identitet skal plukkast burt slik at nedleggjingi til slutt stend att som ein rein formalitet.

Som me ser or sog aå Fylkesbaatane so hev spursmålet um å selja eller ikkje selja kome upp mange gonger då Fylkesbaatane stod framfor viktuge vegskilje, og kvar gong syntet seg å vera ei rett avgjerd å ikkje selja. Reint ålment kann ein vel slå fast at det alltid er betre driva politikk framfor å yverlata politikken til private næringsinteressor og soleides berre lata ting skje heilt av seg sjølv. Det er lov å vona at ikkje alt dette er gløymt og at jamvel dagsens fylkespolitikarar kann læra litt av sog. Um ikkje, so er denne teksti ein freistnad på å friska upp i minnet deira.

Artikkelen vart publisert på maalmannen.no den 12. august 2016. Stutt tid etter vedtok Fylkestinget i Sogn og Fjordane å selja aksjane sine til Havilafjord.

“Hogst” Av Stig Andresen

Hogst / Rikard Ingdal. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), 2016. 257 s., ISBN 978-82-03-36032-9 (hf.)

Som ein ihuga Vesaas-lesar, so merka meldaren seg korleis det summa kring debutanten Rikard Ingdal. Parallellane til Tarjei Vesaas sin forfattarskap skulde ikkje vera so reint fæe, og soleides såg under-skrivne seg nøydd til å få tak i sitt eige meldarnæme. Meldaren tregar ikkje på stundi som han nytta i lag med Ingdal og det nordtrøndske bygdelivet hans.

Det er gledeleg å sjå at landsmåls-tradisjonen ikkje er heilt burte i trønde-lagstraktene (um Ingdal truleg ikkje er nett representativ der). Det er ikkje høgnorsk mål slik me kjenner det frå desse sidone, men Ingdal hev eit vent skriftspråk okke som er. Ei openberr bok å jamføra verket med er visseleg Vesaas sitt store bygde-epos «Det store spelet» (1934). For bok-meldarane i hovudstadspressa so skal Ingdal si bok ha vore uvant terreng å røra seg i. Under alle umstende so gjeng boki inn i ein tung norsk boktradisjon som tek fyre seg menneske sitt tilhøve til det som ein ikkje kann kalla anna enn blod og jord.

Gorm er hovudpersonen i boki, og handlingi gjeng hovudsakleg fyre seg på 1980-talet - og litt tidlegare der me fylgjer far hans. Gorm bur i ei bygd der nedervd sed og skikk stend sterkt. I kvardagslivet krinsar det meste kring primærnæringane, ikkje minst den viktuge tømmerhogsten. Far hans freistar læra honom det Gorm må vita um livet i skogen. Tilhøvet millom far og son er flokut og Gorm er tyngd av måten faren er med honom. Den milde



mori freistar stødt mekla millom deim.

Det er som det ofte er – faren er hard og streng, men likevel ei viktug støtta i livet til Gorm. Mykje mystisk og ikkje minst usagt gjeng stødt fyre seg. Det er beint fram herleg å lesa ei bok som freistar syna fram det rike kulturelle livet på bygd slik det ein gong var. Og slik det burde vera.

Gorm er sterkt plåga av det som heng yver honom - som ein ovstor usagd løyndom. Det er som um eitkvart hekk yver det heile som han nesten skynar, men likevel ikkje fær innblikk i. Kva dette er skal ikkje meldaren avsløra, men det heile knyter seg meisterlegt saman på slutten av boki.

Som i Vesaas si bok er hovudpersonen redd for å verta som far sin, men likevel tyngd av den nedervde seden som gjer at heile bygd ventar seg noko av kvar og ein av dei tvo. Trø i far dine sine fotefar – gjer som oss. Ein onkel, ein mystisk galning som bur i skogen og den vene grannejenta

Erle spelar alle sine rollor i saga.

Boki vert som ein slags dans å lesa. Handlingi spinn seg kring Gorm. Gorm som freistar røra seg i det nettet som ligg ikring bygd. Um lag midvegs i boki døyr faren. Gorm hev so mange usagde spørsmål han vilde ha stelt honom. No stend Gorm utan far sin i stormen som rasar inni honom. Heile tidi pressar lygnene og alt det usagde på.

Korleis det endar skal meldaren halda tett til bringa, men det er eit imponerande verk Ingdal hev skapt. Boki kjem nok ikkje til å tekkja alle lesarar i 2016, må ein diverre kunna slå fast. Med tanke på alt det mølet som vert gjeve ut i dag av verdlaus kriminallitteratur og lett underhaldning, er boki kor som er ein velkomen motpol til alt dette. Målmannen ser fram til fleire verk frå Ingdal og kann tilråda boki serleg for deim som er gilde i Tarjei Vesaas sine tidlege verk.

På vegen Av Stig Andresen

Veien (Upphavleg tittel: The Long Good-Bye / The Road) / Cormac McCarthy. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 2008 (2006). 256 s., ISBN 978-82-525-7492-0 (ib.)

«Hvor lenge har du vært på veien?

Jeg har alltid vært på veien. Man kan ikke bli værende på ett sted.

Hvordan klarer du deg?

Jeg bare går. Jeg visste at dette var i emning.

Du visste at det var i emning?

Ja. Dette eller noe lignende. Det har jeg alltid trodd.» (McCarthy, 2008:151).

Det var slående kor lite merksemd denne boki fekk då ho kom ut på norsk i 2008. I opphavlandet USA hadde boki vori sers mykje umtala og vyrdra i det literære ordskiftet. Forfattaren Cormac McCarthy er ein av dei største amerikanske samtidsforfatarane, og sume tunge kritikarar reknar honom som den fremste. Denne boki er skrivi som ei kjærleikssoga til sonen hans, John Francis McCarthy. Det hevda McCarthy i det

fyrste fjernsynsintervjuet sitt. Det er den myrkaste boki denne meldaren kjenner til, men kannhenda den venaste lell. Det er ei bok som meldaren stødt vender attende til.

Stutt fortalt er det ei tvo-delt bok som både tek fyre seg ein far-son-relasjon og korleis det er å liva i eit samfund som ikkje lenger er eit samfund. Ei unemnd økologisk katastrofe av globalt slag hev råka kloten og mest alt liv er øydt. Nokre fæe yverlivande strevar med å halda seg i live, medan Jordi sakte døyr ikring deim:

«Han stod opp med det første grå lyset og lot gutten bli liggende og sove og gikk bort til veien og satte seg på huk og gransket landet i syd. Goldt, taust, gudløst. Han trodde det var oktober men var ikke sikker. Han hadde ikke ført kalender på mange år. De var på vei sørover. Her ville de ikke overleve en vinter til.» (McCarthy, 2008:8).

Himmelen er dekt av ei grå oskesky som stryper det meste av solljoset. Det er difor ein slags vedvarande vinter. Jordsmonnet er dekt av den same oska. Nær sagt alle dyr er burte og alt av matvekster er for lengst kvorvne burt. Trei døyr sakte og fell i bakken med kvart som dei visnar burt - utan solljos, ingen fotosyntese. Kanskje var det ein meteor, kanskje var det eit vulkanutbrot? Kanskje var det ein enorm eld som skreiv seg frå global oppvarming, kjernefysisk krigføring elder noko heilt anna? Alt er døyande, men nokre fåe menneskje freistar yverliva endå um all von eigenlegt er ute. Boki sitt premiss vert då – kva vilde du gjort i slike tilhøve? Kva vilde du gjort for å verna deim som stend deg nærø?

Det er både ein spaningsroman, eksistensialisme av reinaste slag, religiøse funderingar, ein økologisk, sosiologisk og politisk kommentar og samstundes eit postapokalyptisk syn um kva som faktisk kann koma. Sume hev nok sett den prissette filmatiseringi “The Road” av regissør John Hillcoat frå 2009 med Viggo Mortenson (kjend frå filmatiseringi av J.R.R. Tolkien sitt verk Ringdrotten) og Kodi Smit-McPhee i hovudrollane. Filmen er glitrande, den med, og verd å sjå berre for den fengslande musikken til Nick Cave og Warren Ellis. Denne musikken er vorten eit fast innslag i livet til meldaren når det skal lesast romanar. Boki og filmen utfyller kvarandre særst godt, men meldaren kann ikkje streka godt nok under kor mykje meir ein sit att med um ein les boki fyrst.

I boki fylgjer me den fillute og skrinnmagre faren og sonen medan dei sakte rører seg til fots, tvers yver eit USA i ruinar. Med seg hev dei ei handlevogn med alt dei hev av eigenlutar. Guten er av uviss alder, men er vel kring ti år gamal. Han vart fødd på den same tidi som katastrofen kom. Guten kjenner difor ikkje til nokor onnor røynd. Ingen av hovudpersonane vert namngjevne, men er berre kjende for lesaren som «Mannen» og «gutten». Sumtid fær lesaren eit syn attende i mannen si fortid frå tidi fyre og kring katastrofen. Ei tid då dei som no



Scena frå filmen “The Road”.

er tvo var tri. Det er eit hjerteskerjande midtparti i boki der ein vert fortald korleis tri vart til tvo. Mori til guten og kona til mannen klara ikkje meir av eit liv i vedvarande redsla for dråp, valdtekt og ein sakte sveltedaud. Ho gjekk difor ut i den iskalde notti medan guten sov, og vart slik burte for all æva:

«Har du tenkt å ta farvel med ham?

Nei. Det har jeg ikke.

Vent i det minste til det blir morgen. Vær så snill.

Jeg må gå nå.

Hun hadde reist seg alt.

For Guds skyld, kvinne. Hva skal jeg si til ham?

Jeg kan ikke hjelpe deg.

Hvor skal du gå? Du ser jo ikke en fot for deg.

Det er ikke nødvendig.

Han reiste seg. Jeg bønnfaller deg, sa han.

Nei. Glem det. Glem meg.» (McCarthy, 2008:54).

Sidan nær sagt all mat som ikkje var hermetisert elder liknande handsama er burte, liver dei fåe forsvarslause som er att i æveleg redsla for grupperingar av det som vert umtala som «onde menn». Kva desse vonde mennene livnærar seg på, kann ein snøgt tenkja seg fram til. Hovudpersonane våre møter frå tid til annan slike grupperingar på ferdi si, og det er med hjarta i halsen ein fylgjer desse møti. Mannen hev ein revolver med tvo kulor i. Han hev lært guten korleis han skal gjera ende på sitt eige liv snarare enn å falla i ein grufull lagnad. Kva det gjer med sinnet til ein person å liva med eit slikt trugsmål hangande yver ein, er ikkje godt

å tenkja på.

Heile tidi rører dei tvo seg sakte mot sud, medan dei leitar etter mat der dei kann. Filmen er unemmeleg ven i måten han framstiller det gråe døyande landskapet ikring dei farande. Mannen er sjuk med ein hoste som jamt og trutt vert verre og som veikjer honom. Alt det mannen kann um kultur og det å yverliva freistar han læra burt til guten.

Mannen freistar dessutan å læra guten kor viktugt det er at han klarar skilja milom inn- og utgrupperingar. Dei kann ikkje dela det vetle dei hev med alle dei møter, for det vil berre føra til deira eigen undergang. Guten er meir altruistisk enn far sin, og dette er ein kime til konflikt og lesarrefleksjon på heile ferdi deira. Det er uhagsamt å tenkja på kor lite som i grunnen skal til fyre det tunne laget av sivilisasjon kverv burt og etterlet oss som art meir lik dyri me skulde skilja oss ut frå. Meldaren skal ikkje avsløra meir av sjølve handlingi i boki som jamt og samt er meisterleg umsett til riksmål av Knut Ofstad.

Boki er uendeleg viktug. Med tanke på det veksande folketalet på kloten og alt det fører med seg, so er ho æveleg aktuell au. Kva er viktugt i livet, kva slags tilhøve skal menneski hava til Gud elder tanken um Gud og ikkje minst kvar er me i grunnen på veg i dag som art? Alt dette er denne boki med på å svara på. Fyrste gong meldaren las boki vart ho ikkje atlæteti fyre siste sida var umme. Gjer deg sjølv ei stor beina og få tak i henne snarast råd. Filmen er som nemnt varmt tilrådd, han med. Du kjem aldri til å gløyma den tidi du deler saman med Cormac McCarthy sitt fengslande verk.

På Mont Saint-Michel

Av Guillaume Faye

Målmannen hev tidlegare teke fyre seg "L'Archeofuturisme" (1999) av Guillaume Faye, ei bok som hev fenge kultstatus på den alternative høgresida (sjå Målmannen nr 2 2012). Guillaume Faye avslutta l'Archeofuturisme med ei framtidssnovella, og positive attendemeldingar frå lesarane kveikte Faye til å skriva endå fleire slike novellor - som kom ut i oppfylgjaren "L'Archeofuturisme 2.0 - Nouvelles cataclysmes" (2012). Denne boki kjem i haust ut i engelsk omsetjing på Arktos. Målmannen hev samstundes gleda av å presentera andre bolken i norsk utgåva.

I.

Når ho skyna at det var den endelege slutten, so tenkte Jeanne med seg sjølv at det beste ho kunde gjera var å føra vitnemålet um sivilisasjonen sin vidare til framtidige ættleder. Det var ikkje nokon vits i å tenkja på elektroniske medium - som med gamle DVD'ar, daude datamaskinar, USB-stikkor som det snart ikkje lenger fanst lesarar til eller web-clouds for brukarar som ikkje lenger kunde kopla seg til. Den siste månaden hadde det korkje vore Internett eller telefon meir, korkje radio eller smarttelefonar. Det fanst ikkje lenger tilgang på straum. Det var eit einaste stort kaos. Det fanst ikkje anna enn papir att, papir som kunde halda seg i toppen 30 år um det skulde ligga ute i den råde lufti.

Det var då ho kom til å kasta blikket på den gamle lagringsboksen i metall. Nedi denne, tenkte ho med seg sjølv, kunde papiret halda seg for ei stund. Ho leita fram det ho fann og stappa det ned den vesle lagringsboksen:

Ei utgåva av Paris-Match, den aller siste som kom ut, dagsett 5. juni 2025. Framsida var kort og godt titulert "Slutten" - med eit fotografi med Paris i flammor.

Eit nummer av Voici, tvo år gamalt, med bilæte frå gravferdi åt Johnny Hallyday.

Hennar eigi lærebok frå gymnastidi, "Den franske saga".

Hennar eigi årsalnakka med småe kart yver Frankrike og resten av verdi.


Ein Bibel.

Ei utgåva av Illiaden åt Homer.

Diktsamlingane åt ymse slags europeiske diktarar.

"Politikken" av Aristoteles.

Ymse slags foto: Mont Saint-Michel, slottet i Versailles, flyplassen i Roissy, eit grensevaktårn som enno var intakte, eit foto av jordi teke frå ein satellitt, og so burtetter.



"Mont St. Michel, 23. juni 2025 etter Kristus..."

Kor som er, so tenkte ho at det likevel berre var eit spursmål um tid fyre alt kom til å verta til støv eller løysa seg upp eller smuldra upp i ei altfor rå luft. Ho kom då i hug det ho hadde lært under eit bokbindingskurs som ho hadde teke i tenåri. Læraren hennar hadde fortalt at det var ingenting som stod seg betre i tidi enn bokstavar inngraverte med kniv i mjukt lær. Slik var dei godt verna mot den råde lufti.

Den flotte Gucchi-vesten hennar, laga frå kalveskinn og kjøpt for tri år sidan for 1500 Euro, fekk gjera nytten. Ho laut ofra honom. Med ei stor skreddarsaks so tok ho og klypte ryggen på det dyre klesplagget upp i eit rektangel på 50x50 cm. Ho lagde det utklypte rektangelet ned på middagsbordet, henta fram ein kniv og tok til å skjera inn teksti. Ho laut vera kort og konsis:

"Mont St. Michel, 23. juni 2025 etter Kristus.

Til menneski i framtidi. Eg heiter Jeanne Riquetout og eg er til stades under den sersnøgge undergangen åt ein sivilisasjon fødd for tusundtals år sidan. Denne sivilisasjonen er litt etter litt vorten sløkt ut på heile jordi, folkesett med 8 milliardar menneske (ho freista å ikkje nytta seg av ordleidingar som var altfor kompliserte eller tekniske). Me flytjer oss ikring på heile jordi med flygande maskinar, eller med maskinar som flytjer seg ikring på bakken med sers stor snøggelike. Me kann sjå kvarandre, snakka med kvarandre, skriva med kvarandre - endå me sit på kvar vår sida av jordkloten, og det takk vere andre slags maskinar. Me hev lukkast med å landa på månen. Me hev sett tusundtals kunstige satellittar i bane kring jordkloten. Me utvekslar varor millom kontinent på kvar si sida av

verdshavi, takk vere ovstore båtar som er 300 meter lange. Me konstruerar bygningar like høge som fjelltoppar. Men verdi vår er åt å gå i oppløysing. Det skriv seg frå ein akkumulasjon av katastrofar som tok til for eit titals år sidan."

Ingen vits i å gå i detaljar, tenkte ho. Det er det ikkje tid til.

Ho tenkte på Rosetta-steinen, den som Champollion hadde nytta til å tyda hieroglyfane, med di han fekk tilgang til ein gresk versjon. Difor umsette ho teksti si til italiensk og engelsk òg, språk som ho meistra. Um ein hadde eitkvart å jamføra med, so kunde lingvistane i framtidi lettare få til å laga ei nokolunde greid omsetjing. Ho komplementerte dessutan tekstene sine med nokre teikningar og skjema, inngraverte på ein passelegt klønut måte: Det galdt serskilt eit fly, ein bil, ei kran - og tvo personar som stod langt ifrå kvarandre og nytta eit apparat til å tala med einannan, Ho kopierte alfabetet, talsystemet, nokre einfelde matematiske formalar. Ho skjematiskerte det metriske systemet. Alt dette tok henne ein heil dag. Ho laut skunda seg, for dei etniske bandane av plyndrarar og skjendarar kom ikkje til å sumla med å nå fram til fjellet.

II.

Når ho var ferdug, so kjende ho seg framleis ikkje viss på at kalveskinnet kom til å halda seg godt nok for framtidi. Ho tok difor skinn og lagde det nedi den 100 prosent vasstette sekken sin - ein av dei siste modellane som ho selde i kjellarbutikken sin. Ho tenkte at det skulde vera mot den råde lufti. Det var ein fleksibel sylindar i skrikande

oransje farge, laga or plastmateriale. Men det var meir plass i honom, og ho fekk endå ein ide: Ho tok ein av dei mest verdfulle juvelane som ho hadde på seg, smart-telefonen sin, og pakka honom nedi sekken. Telefonen var tom for batteri og ikkje lenger til nytte for nokon, men trulegt kunde han vekkja interessa hjå arkeologane ein gong i framtidi - um det skulde koma til å finnast slike, um sivilisasjonen ein gong skulde koma til å halda fram der han sleppte sist gong. Endå so liten han var, so samanfatta smarttelefonen det ypparste som sivilisasjonen hadde frambringa frå både radio, optikk, fjerrisjå og elektronikk...

Det var ikkje redsla for å døy som fekk henne til å krypa saman, helder ikkje det at svolten tok til å riva og slita henne i magen (det var ikkje meir enn mat for ti dagar att, og ho rasjonerte denne). Det var snarare den trykkjande nostalgien yver det som alt var vorte til den gamle verdi. Framfor alt so fekk ho seg ikkje til å slutta å tenkja på det at den universelle sivilisasjonen som til slutt skulde løysa seg upp i eit samanbrot på planetær skala, han var det mest eine og åleine menneske av europeisk opphav som hadde skapt. Det var hennar eigne forfedrar som alle andre folkeslag hadde teke til å herma etter. Kor som er so hadde dei late eit virus få sleppa inn i organismen deira, dei var på tragisk vis vortne sine eigne verste fiendar - med di dei var altfor opne mot umverdi. Ho minnst at ho ein gong i tenåri, den gongen verdi enno fungerte - dei siste fine dagane, den indiske sumaren -, hadde lese tekster av forfattarar som var vortne skuva ut i kulden. Det dei skreiv samsvara ikkje med tidsåndi, både sensurlystne ideologar og domarar slo knallhardt ned på ytringane deira. Men desse forfattarane hadde havt rett, dei hadde spådd nett det som kom til å skje. Utan at dei militære arbeidsgjevarane hans fekk vita noko, so hadde faren hennar fenge tak i nokre av tekstene deira.

Ho minnst eit avsnitt som forklåra at heile ideen um ein universell sivilisasjon var ei dødsfella som ikkje kunde munna ut i noko anna enn eit brutalt samanbrot frå innsida, der heile det globale systemet gjekk i oppløysing. Ho minnst serskilt ei setning som ho hadde streka under: "Å vilja samla ei heterogen menneskeætt i eit homogent system, det må fyrr eller seinare berre føra til eit samanbrot".

Ho hadde enno sitt eige næme av denne framsynte boki med dei nemnde refleksjonane. Papiret var åt å gulna, men ho pakka snøgt denne boki med ned i sylindere, attmed andre saker og ting. Og best det var, i det ho opna lagringsboksen i metall, so ser ho



"Å vilja samla ei heterogen menneskeætt i eit homogent system, det må fyrr eller seinare berre føra til eit samanbrot".

revolveren som ligg inni - med kulone intakte. Og brosjen. Ho kvakk til.

III.

Det var tenestevåpenet åt tipoldefar hennar, Amaury de Cinq-Fort, fallen på slagmarki i Verdun for meir enn eit hundradår sidan. Brosjen hadde høyrte til kona hans, Jeanne d'Albray, og han skulde gøyma eit armband-sur med mekanisme i gull, sylv eller platina. Ei uvurderlegt verdfull juvel. Desse tvo objekti skulde etter familietradisjonen først vidare frå ættled til ættled, dei kunde aldri få hamna i hendene på framande. Etter ei segn som gjekk i familien, og som ingen kunde stadfesta um ho verkelegt var sann, so var det ei synsk dama som hadde bede den nemnde tipoldefaren um å innføra denne underlege tradisjonen. Det var ei gresk ei, Delphina Pythia, og det vert sagt at ho jamvel hadde spådd undergangen åt Titanic.

Ja, men Jeanne var enno ikkje ein gong gift og hadde ingen etterkomarar. Revolveren kunde koma godt med til å verja henne sjølv og for armbandsuret kunde ho få ein god pris til å byta til seg tenestor av det eine eller andre slaget - i den primitive valdsverdi som var i kjømdi. Kor som er, so fekk ho seg ikkje til å taka dei tvo gjenstandane ut or lagringsboksen. Ei underleg kraft heldt henne attende. Og um denne segni var sann? Og um denne profetinna hadde vilja at desse tvo gjenstandane skulde nå fram til nett henne, som den generasjonelle blindvegen som ho var? For at ho skulde føra dei vidare, ikkje til sine eigne etterkomarar i bokstaveleg tyding, men til menneski i framtidi? Kann henda

desse tvo gjenstandane, pistolen og armbandsuret, hadde sin eigen lagnad?

Jeanne lagde dei ned i den sylindriske sekken og stengde metallboksen. Ho græt i det stille. Ho gjekk ut på balkongen i den fyrste etasjen i huset sitt og såg upp mot fjelltoppen, på spissen som stakk seg upp yver klosteret. Klokka var alt vorti 2142 på kvelden, og den blodige kveldssoli gjekk ned yver bukti. Men ikkje noko slags digitalkamera hadde dei siste månadene kunna taka vare på denne scena. Trulegt var det den siste gongen at soli gjekk ned i fred. Skulde soli gå i døden no?

Ingen måse skreik, ingen skarv song, som um dei med var flydde. Ein høyrde ikkje lenger noko anna enn det triste suset frå bårone som braut mot strandkanten og den flauve vestanvinden. Klokkespelet frå klosteret klang, det kalla til ei siste kveldsbøn. Svanesongen. Ho gjekk upp, millom dei læste og forlatne husi.

IV.

Dei siste tvo vikone var det panikk. Folket på Mont Saint-Michel hadde flykta. Dei visste ikkje kvar hen dei skulde, men dei vona finna fram ein stad. Andsynes kaoset so kunde ikkje dei minnelause menneski samla seg til motstand, i staden flykta dei kvar til sitt. Jamvel den vesle polititroppen frå gendarmeriet, dei som skulde representera staten og verja folkesetnaden, hadde desertert i månaden som gjekk. Han som skulde gjeva dei ordrar, alto staten, hadde sjølv gjeve upp i røyk. Det var kvar og ein for seg no. Den gongen det romerske imperiet gjekk

under, so hadde ein ny og vernande orden etablert seg spontant, som ei upptakt til Mil-lomalderen. Men denne gongen var det ingenting. Berre kaos.

Det var ikkje fleire att på det forlatne fjellet enn eit titals personar, alle gamlingar. Slik som med klosteret sin prior, tvo nonnor og ein gamal munk. Ikkje eit einaste barn. Ho var den einaste ungdomsrepresentanten. Men ho kjende på ei plikt til å verta att. Kvar hen skulde ho elles fara? Ho hadde fullført oppdraget sitt. Dei siste nyhendi som ho hadde fenge frå umverdi, dei hadde ho snappa upp med ein batteridrivne transistor-radio. Det var ein radiostasjon (France-Inter) som hadde tilgang til naudaggregat og som framleis kom med nyhendesending frå kjellaren i Paris kvar kveld klokka 20.

Ho hadde vorte stiv av skrekk av det ho fekk høyra på radioen kvelden fyreåt. Dei siste som var att på fjellet hadde site samla i festsalen og lydd til den lyse radiatorøysti. Ho sa fram det siste litaniat åt den gamle verdi: *“Dette er den siste nyhendesendingi vår. Presidenten åt republikken er burte, og ingen veit kvar han er hen. Måtte kvar og ein taka seg av seg og sine (hulking). Me òg, me lyt flykta no. Leve republikken, leve Frankrike (hulking)! Adieu!”*. Og radioen sloknar. For alltid.

Jeanne gjekk beint inn i senteret åt katedralen, der prioren tok salmesongen i bruk for å få sagt fram dei fromme frasane sine til dei aldersstegne tilskodarane sine. Han tok til å syngja, med høg røyst, eit latinsk credo - fylgt av orgeltonar frå ein gamal munk som fekk veggene til å vibrera. Ho hørde ikkje etter. Ho hørde ikkje lenger. Endå so vent



“Alt dette skulde det ikkje ta mykje tid fyre det var burte for godt. Knust, brent eller slite sundt i vinden.”



“Dei var komne for å plyndra, drepa, valdtaka, skjenda, hemna seg. Det var slaktetid.”

det var å lyda til. Det var for seint. Augo hennar fokuserte på tårnet inne i katedralen, på glasmålarstykki, på dei delikate dekorasjonane som gjekk inn i den mektige arkitekturen. Alt dette skulde det ikkje ta mykje tid fyre det var burte for godt. Knust, brent eller slite sundt i vinden.

V.

Ho gjekk ut frå klosteret og la i veg mot den høgste klostervollen. I det ho gjekk ut, i det ho reiste i frå “Den blåe fuglen” - og det evlaust for aller siste gongen og med kjensla av at ho skulde døy, so hørde ho ljoden av skrik i det fjerne.

Ho såg på den upphøgde vegen som førde frå øyi og inn til fastlandet. Nei, det var ikkje dei gamle og trygge flokkane med tur-

istar som var på veg upp frå parkeringsplassen medan det enno var dagsljøs til å gå. Det var snarare ein trugande horde med myrkhuda og fillekledd ungdomar. Det var um lag tri hundrad av dei, meinte ho, og dei var væpna. Nokre av dei bar på gevær. No tok ho til å kunna høyra slagordi som dei ropa. Ho tykte ho kunde høyra krigsropet deira: “Allah Akbar!”

Dei var komne for å plyndra, drepa, valdtaka, skjenda, hemna seg. Det var slaktetid. Langt, langt burte - langt attum dei, so kunde ho sjå søylor av svart tøyk stiga upp. Det var trulegt landsbyen Pontorson som dei kom i frå, og som dei hadde sett i brann.

Det var ikkje meir enn eit tredvetals minutt til dess at barbarane kom. Ho tenkte på å drepa seg sjølv med å kasta seg utfor klostervollen. Men det var ikkje nokon ærefull død for ein etterkomar etter markien av Cinq-Fort, fallen i kamp. Ho gjekk langsamt ned til moloen, marsjerte medvite mot flokken av myrke krabbar. Ho stengde vegen for dei upp mot fjellet, hendene på hoftene. Ho visste ho kom til å døy, valdteki og partert. Og ho ropa so høgt som ho kunde til den skrikande horden som kom i mot henne. Ho ropa ut den underlege formelen som ho hadde høyrte då ho var liti utan å forstå noko av honom, men som so brått og intuitivt hadde vorte til noko sjølvinnlysande:

“Ein dag kjem Apollon attende og den dagen kjem det til å vera for alltid!”

**Sank ein tingar til
høgnorskbladet
Målmannen!**

“Simon du fleuve”

Av Olav Torheim

Den post-apokalyptiske teikneserien “Simon du fleuve” tek oss med til eit framtidssamfund som ikkje er so ulikt det “arkeo-futuristiske” samfundet som Guillaume Faye hev skriva um. Fortid og framtid, primitive stammesamfund og moderne høgtknologisamfund, nomadar og fastbuande, agrarsamfund og forbrukarsamfund - dei er aldri meir enn nokre steinkast undan kvarandre. Heile tidi trugar krig, konflikt og kriminalitet.

Det var på 70- og 80-talet at den franske serieteiknaren Claude Auclair gav ut teikneseriehefti sine um “Simon du fleuve”. På 80- og 90-talet kom serien ut i Noreg med. Han var jamvel å høyra som radiohøyrespel på NRK, tidlegst på 90-talet. Sidan den gongen hev serien einast vore å få tak i antikvarisk, men nylegt kom den franske utgåva ut att, samla millom stive permar i “Integrale 1” og “Integrale 2” - der alle hefti frå 70-talet er samla. “Integrale 3” med dei seinaste utgåvone frå 80-talet er kjømdi.

Simon frå elvi er mannen som kvinnor einast talar um med låg røyst, og som ekte-mennene deira gjerne skulde ha sege inn skallen på - men som dei er altfor redde for til å gjera noko. Det er det som me fær høyra um Simon i den aller fyrste seriestripa - som opphavleg kom ut som bilag til Tintin (!). Med kvart fær me vita at Simon hev eit oppdrag som berre han sjølv kjenner til - få øydelagt eit færlagt laservåpen som far hans hadde skapt. For å lukkast med det, må han koma seg inn i eit laboratorium i “By nr. 3”, det som trulegt ein gong var Paris. Men der er me fyrst mot slutten av andre bindet.

Eit Europa i ruinar

Simon vandrar ikring i eit post-apokalyptisk Europa der dei tidlegare velstands- og forbrukarsamfundi ligg i ruinar. Yveralt er det opprusta kraftlinor og jarnvegar, forfalne bygningar og andre restar av eit samfund som nokre enno hev eit fjernt minne um - og som for andre alt er fullstendig gløymt. Sume hev framleis kunnskapen um korleis ein skal nytta seg av gamal teknologi, men dei fleste er hjelpelause. Langsamt tek naturen alt attende.

I eitt av hefti rotar Simon seg inn i eit territorium som ein skulde tru var frå eit slags folkeeventyr eller ein skrekfilm - ovstore fiskar, øglor og andre slags skræmelege udyr. Det er ein stad dei primitive fiskarfolki ikring ikkje vågar seg inn i - for det er landet åt “skuggane”, vert det sagt. Simon tek seg inn i nokre betongbygningar, og der ser han alle slags vanskapte menneske. Sjølv er Simon komen inn nett i det dei vanskapte menneski



er byrja med ein slags seremoni.

Denne “seremonien” gjeng ut på å setja radiaktive stavar ned att i det som syner seg å vera reaktoren på eit atomkraftverk. Anten veit ikkje dei øydelagde menneski kva dei driv med eller so må det rett og slett vera eit kollektivt sjølv-mord for å gjera slutt på eigen misere. Simon kjem seg burt fyre heile reaktoren gjeng i lufti i kjernefysisk eksplosjon.

68-generasjonens katastrofe-konvergens

Utetter i serien fær me vita at det heile skal ha byrja på slutten av 1960-talet, med studentopprøret og mai 1968. Ein kjedereaksjon av politiske konfliktar og aukande ressursknappleik hadde ført manneætti inn i ein nedtergåande spiral. Konfliktar millom supermakter, opprør i den tridje verdi, krigar for olje og råstoff, indre etniske konfliktar i Vest-Europa - ein konvergens av katastrofar hadde vore meir enn systemet kunde tola.

Forbrukarmenneski i byane hadde ikkje lenger noko anna val enn å ta seg ut att på landsbygd og dyrka jordi for hand, berre slik var det råd å yverleva. Nye og solidariske hopehav laut byggjast upp att frå grunnen. Parallellt med dette so freista styresmaktene og dei militære å reorganisera seg og få samfundet på rett kjøl. Dei forskansar seg inne i dei store byane, og der held dei etter beste evna fram med å driva med forskning og industriproduksjon (Me fær soleides nett den kløyvingi som gjev oss ein vokster med “two snøggleikar” som Guillaume Faye hev postulert i skriftene sine).

Opphavleg hadde styresmaktene jamvel freista skipa ei verdsregjering, men dei militære i den eine storbyen etter den andre riv seg lause. Hjø desse “meistrane i byane” er det ingenting att av den gamle vestlege humanismen eller likskapstenkjingi. Dei militære i byane både bombar og plyndrar dei arme menneski på landsbygd når det skulde høva deim. Sumtid legg dei ut på reine røvtokter for å skaffa seg slavar til fabrikkane sine.

Til kamp for det solidariske og naturnære

Simon tek parti for stammemenneski på landsbygd. Han tek perspektivet åt desse som ynskjer eit liv i pakt med naturen. Difor gjeng han i brodden for opprøret mot “meistrane”. Etter at eit primitivt naturfolk, kalla for Kentaur-klanen, er vortne tekne til fange og gjorde til slavar i ein kjemisk fabrikk, so er det Simon som tenkjer ut og organiserar eit vel-lukka slaveopprør.

Korndyrkarar på landsbygd råkar dessutan ut for åtak frå kriminelle bandar som plyndrar og herjar. Våpen og ammunisjon fær desse kriminelle bandane gjerne rett frå dei militære - for slik kann meistrane i byane kløyva og herska. Simon freistar å få til ein allianse millom korndyrkarane og bandane, imot “meistrane” i byane, men dette framlegget fell på steingrunn. Dei kriminelle bandane er fostra til valdsbruk og kriminalitet og dei kjenner ikkje noko anna liv. Etter denne mislukka freistnaden på alliansebygging so byrjar Simon ålvorleg å tvila på um det er nokor von for manneætti i det heile.

Damone kastar stødt lange blikk etter Simon, og kvar han enn ferdast so kjem det til sjalusidrama - anten det er millom mor og dotter eller millom systre. Simon interesserar seg berre for damor når han ser noko heilt spesielt i dei, men kvar gong endar det med at dei utvalde damone døyr. Heilt til dess at han møter den uredde Emeline.

Simon hev livd og liver eit heroisk liv, i brutal kamp mot “meistrane”, men Emeline syner honom at det finst ein annan veg òg: Fars-vegen.

“Må ein ha livmori åt ei kvinna for å vita kor høg pris livet hev?” Det er spursmålet som gjev Simon trui på manneætti attende - og som fører Simon på nye vegar etter at den valdelege kampen mot meistrane er vunnen. Framtidi er uviss, men barnet i magen til Emeline gjev Simon trui attende på eit solidarisk og menneskeleg samfund i pakt med naturi.

“The Fountain”

Av Stig Andresen

The Fountain

Regissør: Darren Aronofsky

Medverkande: Hugh Jackman og Rachel Weisz

År: 2006

Dette er ein av dei mest sermerkte filmene som nokosinne er komen ut. Det er i alle fall meldaren sitt syn, og han hev sett ikkje so reint lite film.

Filmen, som er frå 2006, gjeng fyre seg i tri parallelle handlingar: I Spania på 1500-talet, i det urbane USA av vår tid og i verdsromet i år 2500. Dei same tvo hovudkarakterane liver i alle desse ulike tidene.

På 1500-talet er hovudkarakteren Tomas (Jackman) ein conquistador på heilagt oppdrag for den spanske drotningi (spela av Weisz). Utsend til det Nye Spanien for å finna det Livstreet som mellom anna er umtala i Bibelen. 500 år seinare lever dei tvo som nært knytte sambuarar (ho som forfattarinna med heilekrefte og han som kreftforskar). 500 år etter dette att svevar Tomas gjennom verdsromet i ei slags kula medan han steller det døyande Livstreet (på sett og vis Weisz) - på veg mot stjerna Xibalba som skal forløysa deim.

Filmmanuset skreiv regissøren etter lange religionsvitenskaplege studiar av mellom anna mayaindianarane sitt trussystem. Hugvekkjande nok var filmen opphavleg tenkt ut med Brad Pitt og



Scena frå “The Fountain”.

Cate Blanchett i hovudrollone, men grunna uvisse tilhøve kunde ikkje desse tvo vera med likevel.

Det er mest uråd å få sagt med berre nokre få ord kor djup og altumfemnande filmen er. Det er ei blanding av science fiction, romanse, eventyr, historisk drama og handlingfilm. Ein merkar heile vegen kor mykje regissøren ausar or religion-skunnskapen sin. Filmene hev noko sermerkt faustisk yver seg (sjåaren vil hava godt av å lesa Goethe si Faust innan ein ser filmen). Tomas er måhenda den mest

faustiske karakteren nokosinne sett på lerretet. Jakti hans på evig liv for honom sjølv og livet hans skapar ein eldbrann i hugen til sjåaren. Filmene gjev framleis meldaren gåsehud og er den dag i dag yndlingsfilmen ein stødt vender attende til, jamvel etter ti gjenomgangar. Film-scenone frå verdsromet er ikkje til å tru – so vene er dei. Det er nok mange Målmannen-lesarar som kjenner til Doré sine verk med englane som sviv opp mot Himmelen. Denne filmen skapar ei heilskapleg råma kring dette andeleg synet.

Filmen er dessutan umåteleg spanande der han gjeng fyre seg i den sudamerikanske jungelen - på conquistadorane si intense jakt etter det heilage tempelet som huser Livsens tre. Slutten skal ikkje meldaren røpa, men dei siste tie minutti av filmen hev vore lamslåande og hjarteskjerande for alle eg hev synt filmen til. Musikken til filmen hev dessutan vore eit fast innslag i livet til meldaren sjølv, i heile det seinaste tiåret som hev gjenge. Filmene hev meldaren jamvel nytta i religionsundervisning - med godt resultat.

Eg vil oppmoda lesarane um å freista bita seg merke i alle dei ulike lagi som regissøren hev lagt inn, for dette er sanneleg ein djup film og grunnleggjande ulik det meste anna som kjem ut kvart år. Um du so berre vil sjå éin film i år, so lat det vera denne.



-Me vil gje ei røyst til serbarane i Kosovo

Intervju med den europeiske solidaritetsfronten for Kosovo

Solidaritetsfronten for Kosovo gjev handfast hjelp og studnad til den tynte serbiske minoriteten i Kosovo. Me hev teke ein prat med talsmannen Maik Müller - som skal ut på nytt oppdrag i oktober (artikkel publisert på maalmannen.no den 31. juli 2016).

-Fortel oss stutt um solidaritetsfronten for Kosovo. Kva var motivasjonen dykkar og korleis kom dette upptaket i stand?

Dette prosjektet vart opphavlegt grunnlagt i 2013 i Italia. Sjølv kom eg med eit år seinare, takk vere vener frå den tsjekkiske republikken som baud meg med på eit oppdrag i oktober 2014. Etter at eg sjølv fekk dana meg eit inntrykk av stoda åt serbarane i Kosovo, so fekk eg det same året blåse liv i ein tysk avleggjar av dette prosjektet. Saman med nokre vener so driv eg prosjektet for tridje året på rad, og me arbeider med all den krafti og seriositeten som trengst til ei sovori åtgjerd.

Eg tenkjer at det ikkje er nokor yverdriving når eg segjer at hovudmotivasjonen vår er å bryta togni i dei vestlege media um skadeverknadene åt NATO-aggresjonen i 1999. Me vil gjeva ei røyst til serbarane i Kosovo og fortelja um korleis livet deira er. No som tidlegare er dei i ei sers låk stoda. Me freistar gjera so godt me kann ut frå dei fyresetnadene me hev og dei ressursane me hev til rådvelde, og me hjelper både huslydar, barnehagar, skular og andre som me kann gjera ein innsats for.

Til sjuande og sist so er arbeidet vårt det handfaste uttrykket for våre eigne verdsåsokdande idear. Me strævar for nasjonal suverenitet for våre eigne europeiske folk - og me avviser den menneskefiendslege og hopehavsøydeleggjande kapitalismen og imperialismen.

-Korleis hev de greidd å koma i kontakt med dei serbiske samfundi i Kosovo? Var det vandslegt å få til?

Her kann eg naturlegt nok berre svara på vegner av den tyske avleggjaren - sidan dei grunnleggjande kontaktane alt hadde vorte etablerte av aktivistane frå Italia og den tsjekkiske republikken. Sjølv skaffa eg meg dei kontaktane som trongst i arbeidet då eg var ute på den fyrste reisa mi, i oktober 2014. Som med skulen i Orahovac og ymse familiar som trong hjelp. Sidan den gongen hev me halde kontakten. Den tette kontakten hjelper oss med å forstå betre korleis det stend til lokalt. Slik kann me driva målretta hjelpearbeid på dei umkvervi der det trengst mest - og få mest moglegt ut or dei ressursane me hev til råd-



Maik Müller med born frå Orahovac. Frå Kosovo-reisa i oktober 2015.

velde.

Eg vil ikkje segja at det var noko vandslegt å koma i kontakt. Endå so stor fiendskapen mot NATO-statane hev vore, so hev eg so langt upplivd serbarane som hjartelege og tvers igjennom opne menneske. Ein må naturlegt nok vera klår yver at ein i det serbiske samfundet vert "vurdert". Dei ser på kva det er ein gjer, korleis ein nyttar seg av dei innsamla midlane - og so burtetter. Det tykkjer eg under alle umstende er heilt på sin plass. Dessutan hev me gjort eit godt arbeid, og me hev soleides ingenting å løyna for nokon.

-Kjempar kosovo-serbarane framleis politisk for å verta sameinte att med Serbia, eller sviv det seg nett no berre um å yverleva reint fysisk?

Eg tenkjer at ein lyt vera realistisk. Nylegt vart "Republikken Kosovo" teken upp i FIFO-fotballsambandet, og dei hev kome seg eit godt stykkje vidare i tingingane um å verta tekne inn i EU. Fyrst i november 2015 mislukkast Kosovo med å verta tekne i UNESCO si verds-kulturarvlista. Dei vestlege statane freistar med alle tenkjelege midlar å styrkja posisjonen åt denne kunstige staten.

I dette høvet er det ei uklår ålmennpolitisk stoda. Serlegt med dei styresmaktene som rår i Serbia nett no, dei freistar sjølve å få landet sitt med i EU. Som ei motyting til EU-upptak so krev den europeiske unionen at Serbia skal godtaka den sokalla "Republikken Kosovo" - altså den sudlege provinsen som NATO-studde UCK-terroristar i 1999 reiv laus frå moderlandet med vald. Like fullt so finst det i

Kosovo politiske skipnader og initiativ som målber interessone åt dei serbiske samfundi.

Faktisk so sviv det seg framfor alt um å yverleva fysisk, slik stoda er nett no. Jamvel denne oppgåva er ikkje so lett å løysa. Framleis kjem det til åtak på serbarar som vender heimatt. Likeins kjem det til åtak på husi deira, og kyrkjegardar vert ramponerte. Øydeleggjing og tjuveri trugar heile tidi dei få serbarane som er vortne att, og stødt er det heile familiar som gjev upp og flytjer sin veg.

-Korleis er stemningi hjå Kosovo-serbarane, kva tenkjer dei um framtid?

Som eg alt hev nemnt, so hev me stødt møtt på sers hjartelege menneske. Um ein skal få med seg litt av stemningi so treng ein framfor alt tid og vilje til å setja seg ned og studera det som hende den gongen. Eg segjer "få med seg litt av stemningi" - for å rettelegt kunna forstå henne er ikkje lett for ein som sjølv aldri hev upplivd å vera i krigstilstand.

Berre med denne bakgrunnskunnskapen fær ein ei viss aning um korleis dei stødt minkande serbiske samfundi i Kosovo må kjenna seg. Yverfall og andre hendingar gjer ikkje stoda noko betre, måvita. For berre nokre fåe dagar sidan kom 20 serbarar i eit ortodokst kloster under åtak frå folk som var væpna med automatvåpen.

Kann henda kann eit lite døme frå høgskulen i Orahovac, grunnlagd i 1966, gjeva eit lite inblikk i stoda:

Som fylgja av den låke stoda som den serbiske minoriteten liver under, so reiser stødt fleire menneske burt frå Orahovac. Slik vert

talet på skuleelevar lågare for kvart einaste år. 1999/2000 var dei enno 150, men talet hev minka kontinuerlegt. Skuleåret 2015/2016 var det i alt 15 elevar i dei fire klassane på høgskulen. Av desse var det fem som i røyndi alt var ferduge, so talet sokk til 10.

Um høgskulen kjem til å yverliva eller ikkje, det heng tett i hop med um det serbiske samfundet i Orahovac-traktene yverliver eller ikkje. Tidlegare var det tusundtals serbarar i Orahovac, no er det 350 att. Livet deira gjeng fyre seg på nokre fåe gator, og dei rårar stødt ut for provokasjonar eller åtak. Tidlegt i juni var det tvo familiar til, som valde å reisa derifrå. Dei talde i alt 12 menneske, av desse var seks born. Endå fleire familiar hev alt no sagt frå at dei med kjem til å reisa sin veg.

Ein kann also lett sjå fyre seg at mange huslydar ikkje ser noko perspektiv for korleis dei skal liva vidare på heimstaden sin under desse vilkåri. Dette var slik som engelsklærarinna Jovana Baljosevic svara oss då me spurde henne um kva ho tenkte um framtid for kosovo-serbarane:

“I 1999, då dei jugoslaviske stridskreftene drog seg ut og KFOR rykkte inn, so miste mange serbarar heimstaden sin. Meir enn 250.000 serbarar flykta. Eg òg reiste frå heimstaden min. Den gongen trudde me at det internasjonale samfundet kom til å syta for rettferd for alle. I dag veit me at det internasjonale samfundet ikkje er nokonting verdt. KFOR-styrkane hjelpte albanarane til å etablere seg, og me trudde at dei kom til å gjere det same for oss serbarane - at me òg skulde få eit normalt liv i Kosovo og Metohija. Diverre hev ingenting endra seg. Når du spyrr oss um framtid, so ser me ingi. Men me vonar at eitkvart kjem til å endra seg. Voni døyr aldri!”

-Det finst vel dei som vilde ha sagt at me helder skulde ha teke oss av våre egne problem i Tyskland og Europa, i staden for å fara til Kosovo. Kva hev du å segja til desse?

Aller fyrst so vil eg slå fast at det er bra at folk steller seg kritiske - og jamvel grunnleggjande kritiske. Eg vil also ikkje skulda desse menneski for nokon ting! Men eg segjer òg: “Kast ikkje burt energien dykkar på skinnheilage moralpreikor, lat helder ord få verta fylgde av handling! Gå det fyrste stiget! Ver eit fyredøme for andre!”

For engasjementet vårt for Kosovo heiter på ingen slags måte at me hev gløymt problemi at våre egne landsmenn. Tvert imot! I eit sunt samfund er det sjølvsagt at ein tek problemi at landsmennene sine på ålvor, det er soleides ikkje noko som ein gjeng ikring og

slær seg sjølv på bringa for.

Kor som er so er det ei kjensgjerning at dei fleste av oss liver i eit tollegt privilegert tilstand: 24 timar med sikker vass- og straumforsyning, sosialsystem og helsestell er for oss noko sjølvsagt. Han som for ei liti stund vender blikket burt frå sin eigen navle, han vert med ein gong nøydd til å spyra seg um våre egne problem på nokon slags måte stend i høve til det ein må slita med andre stader. Kann henda hev me vent oss altfor mykje til denne yverflodsstoda der alt er tilgjengelegt til kvar tid?

Dessutan vert det alltid og yveralt tala so fagert um europeisk politikk, um sams kamp for dei europeiske folki, um identitet og so burtetter. Er det ikkje for lengst tid for å lata desse ordi få verta fylgde av handling? Han som på sin velfortente ferietur til strendene på til dømes Warn, Rhodos eller Antalya let sumarsoli få skina honom på magen, han må alt vera klår yver at han - i minsto sett frå Mil-lom- eller Vest-Europa - alt hev lagt Kosovo attum seg på ferdi. Det som serbarane daglegt vert konfronterte med, det er ikkje noko som skjer under fjerne himlar, det er snarare midt i millom oss, midt i Europa!

-Um einkvan les dette intervjuet, og tenkjer at “Eg òg må gjere noko”, korleis kann ein på den beste måten stydja arbeidet dykkar?

Det finst ulike måtar å stydja oss på. Nett no hev me starta ei pengeinnsamling for vår neste “Mission Kosovo” i oktober.

Vidare so kann ein fylgja sidone våre på Facebook og dela innhaldet frå nettsidone våre. Slik kann ein gjere andre merksame på oss. Og dessutan so kann ein heilt handfast stydja oss med utstys- og pengegåvor. Til dømes kann ein kjøpa ei av dei nye t-skjortone våre, som straks vert tilgjengeleg.

Um ein vil gje oss ei pengegåva her og no, so kann ein gjere det med Paypal eller kreditkort.

I nærområdet hev me stødt god kontakt med familiar, institusjonar og lokale samfund. Dimed syter me for at alle gåvor vert nytta på ein målretta måte for dei som treng det mest. Dessutan vil eg leggja vinn på det at me arbeider heilt transparent. Me fortel jamt og trutt um arbeidet vårt og me finansierar sjølve reisone våre. So alt det me fær inn av gåvor gjeng rett til menneski som bur i Kosovo.

-Noko meir som du gjerne vil segja?

Um du hev spursmål eller høve til det, kann henda jamvel eit ynskje um å få stydja arbeidet vårt, so skriv til oss!

Me kann ikkje berga heile verdi, men me kann hjelpa med å gjere henne litt betre.

Miss aldri modet! Gjev aldri upp!



Hjelpesending på veg til serbiske born i Kosovo.

“Homolobbyen”, finst han?

Av Olav Torheim

Slagordet “Knus homolobbyen” hev i september 2016 som gjekk skapt yverskrifter både i NRK og Dagbladet, og bylgjone hev gjenge vidare i sosiale media. Det faktum at det er “nynazistane” i Nordfront som hev kasta umgrepet ut i offentleg norsk debatt hev gjeve god grobotn for eit moralsk indignert hylekor. Men kva er ein “homolobby”, og finst denne lobbyen eller finst han ikkje?

Det liberale demokratiet er i hendene på lobbyar av ymist slag. So lenge det er presidentvalkampen i USA som er konteksten, so er det ikkje ein gong noko spørsmål um det. Militær-industrielle kompleks, olje-lobby, atom-lobby, Israel-lobby: Ingen kjem seg upp og fram utan å ha eit organisert nettverk å stø seg på, det er NRK- og Dagblad-journalistane hjartans samde i. Men i Noreg, her stend me vel alle på like fot, same um me heiter Jens Stoltenberg eller Jørgen Hattemakar? I grunnen veit me alle at me ikkje gjer det...

For å forstå agendaen åt det som ein kann kalla for “homolobbyen”, so må ein fyrst forstå umgripi “kritisk teori” og “interseksjonalitet”. Den kritiske teorien oppstod på 1930-talet. Sentrale tenkjarar var Adorno, Horkheimer og Marcuse, og dei er vortne kalla for “Frankfurterskulen”. Kjernehypotesen åt Frankfurterskulen er at heile samfundet er gjenomsyra av ymse slags ideologiar som held einskildmenneske nede. Den kritiske teorien kann nyttast til å dekonstruera desse ideologiane og soleides frigjera einskildmenneski.

Kritisk teori: Kunnskap um røyndi finst ikkje. Alt er ideologi.

Frankfurterskulen vart opphavlegt kalla for “nymarxistisk”, med di han bygde vidare på marxistisk teori. I marxismen skil ein millom yverbyggnad og materiell basis (produksjonsmidlar og produksjonstilhøve). Etter det som Karl Marx sin dialektiske materialisme fortel, so er religionar, ideologiar og andre slags tankebyggnader einast den materielle basisen som vert avspegla i menneskeheilen. Um undertrykkjande ideologiar og religionar hev sett seg faste på det åndelege planet, so er det av di dei er til for å legitimera ei handfast undertrykkjing og utbyting på det materielle planet. Når den materielle undertrykkjing og utbyting tek slutt, so



Nynazistene holder «treningsleir» i Telemark. Der planlegger de å «knuse homolobbyen»

«HOMOLOBBY»: Det var Nordfront som var fyrst ute i Noreg med å setja namn på eit velorganisert gender-ideologisk nettverk, og media fylgjer gladeleggt upp med eit hylekor som skal tabuisera denne unemmelege lobbyen ein gong for alle. Lyder det ikkje litt kjent, når ein tenkjer etter? (Foto: Skjermdump frå dagbladet.no).

lovar marxismen oss at dei undertrykkjande ideane i neste umgang kjem til til å verta bytte ut med nye og frigjerande fyrestellingar.

Dette fekk ikkje dei nymarxistiske teoretikarane til å stemma: Med dei kommunistiske statane i Aust-Europa og med dei sosialdemokratiske statane i Vest-Europa so tok staten meir og meir kontroll yver økonomien. Motsetnaden millom arbeid og kapital skulde soleides verta løyst, og dimed skulde grunnlaget for undertrykkjing vera burte. I staden opplivde ein at samfundet vart meir totalitært, som med stalinismen i Sovjet. Nymarxistane valde dimed å gå burt frå Karl Marx sin historiske materialisme. Det var likt til at dei undertrykkjande ideologiane levde sitt eige liv, utan omsyn til materielle tilhøve.

Tradisjonell lingvistisk teori gjeng ut på at setningar kann brytast ned i proposisjonar, påstandar som anten kann vera sanne eller usanne. Ei tala eller ein tekst er soleides ein straum av soverne proposisjonar.

Kriteriet på sanning er at teorien vert stadfest i praksis (“the proof of the pudding is the eating”). Ei setning, til dømes “det regnar ute”, kann verifiserast eller falsifiserast med di ein opnar vindauga og stikk hovudet ut. Kritisk teori avviser på

det sterkaste at dette er moglegt. I eit nordeuropeisk klima er kann henda regn noko heilt anna enn det er i eit meir tropisk klima. Og kva med observatøren: Kann henda personen som stikk ut hovudet er frå Bergen og hev ei heilt onnor fyrestelling um regn enn det ein person frå Oslo vilde havt? Ut frå kritisk teori er det soleides ingen kunnskapsverdi i setningi “Det regnar ute”. Det er tvert imot ei ideologisk meiningsytring som tvingar andre til å forstå verdi ikring seg på ein serskild måte.

Kritisk teori avviser soleides den hypotetisk-deduktive, vitenskaplege metoden. Kunnskap er ikkje spegelbilæte av røyndomen, Kunnskap er ideologi. Ideologi som privilegerar sume menneske og undertrykkjer andre - som eit resultat av måten ein strukturerar verdi ikring seg på.

Som me kann sjå so er den kritiske teorien i sin ytste konsekvens ein slags obskurantisme, ein fiendskap mot kunnskap.

Kritisk teori: Undertrykkjande ideologi privilegerar og diskriminerar

Når ein segjer at det finst kvite menneske, so skil ein millom kvite og ikkje-kvite menneske. Det å vera kvit vert soleides eit “privilegium”, medan det å vera ikkje-kvit vert ein ettermun. På same måten er

det med kynsrollor. Når ein skil manneætti upp i kvinner og menn, so tvingar ein menneske inn i ein identitet. Å vera mann i kvinnekropp eller umvendt vert ikkje moglegt, langt mindre å vera halvt kvinne og halvt mann.

Ut frå klassisk vitskapsteori so vilde "Det gjeng ei kvinna ute på gata" vera ein fakta-påstand som kann vera sann eller usann (syntetisk setning). Ut frå kritisk teori er det ei ideologisk meiningsytring som tvingar eit menneske inn i ein identitet som det ikkje hev valt sjølv.

Interseksjonalitet: Yverlappande privilegium skaper ein rangstige

Dersom det er slik at ein undertrykkjande ideologi privilegjerar sume og diskriminerar andre, kva skjer når fleire undertrykkjande ideologiar verkar på ein gong? "Interseksjonalitet" handlar um at undertrykkjande ideologiar av mange ulike slag gjeng inn i eit samspel. Privilegium av ymist slag kann yverlappa kvarandre - "intersect", som det heiter på engelsk. Di fleire yverlapp, di høgare upp på rangstigen kjem ein. Mest privilegert er ein som kvit, heterofil mann. Minst privilegert er ein som svart, lesbisk kvinna. Sidan kvite, heterofile menn einast er ein minoritet i samfundet - på global basis ein knøttliten minoritet - so heiter det at det store fleirtalet i folket er undertrykte. Ikkje nok med det, folket undertrykkjer seg sjølve - berre med måten me alle tenkjer på.

Korleis skal ein so verta kvitt denne undertrykkjingi? Dersom det er slik at språket og umgrepsapparatet vårt i seg sjølv er ei kjelda til undertrykkjing, so trengst det eit nytt språk. Me kann ikkje lenger snakka um svarte, um homsar, um kvinner - for då tvingar me dei til å vera nett det. Me må byrja å sjå oss sjølve som individ som sjølve vel kva me vil vera. Identitet, både nasjonalt og seksuelt, er noko som ein kann plukka og setja saman sjølv - nett som ein plukkar varor på ein supermarknad.

Eit verkty for liberalkapitalismen

Det segjer seg sjølv at kritisk teori og interseksjonalitetsteori er perfekt for det liberalkapitalistiske samfundet - nett av di det hev frikopla ideologiar frå dei materielle tilhøvi, og nett av di dei steller einskildindividet åleine framfor ei ende-laus rekkja med val (som ingen kann gje deg fasiten på, men der misnøje og uvisse er ei framifrå inntektskjelda for

alle slags kommersielle interessor).

På denne måten er det fritt fram for "nye" politiske rørslor som til dømes Miljøpartiet Dei Grøne og Feministisk Initiativ. Klassekamp hørde gårdsdagen til. I dag er det "utsleppsfril" kapitalisme og "arbeidsliv utan diskriminering" som gjeld (lik rett for alle til å verta midlertidig tilsett...).

I staden for å analysere og kritisere det kapitalistiske systemet, so skal me kritisere og dekonstruere alle strukturar som kunde ha gjeve eit rådeverk for å by den globale kapitalismen motstand. Me skal ikkje ein gong få lov til å tenkja på at dei finst.

Den fyrste homofile interesseorganisasjonen vart skipa i 1950, og bar namnet "Det norske forbundet av 1948". Den gongen var homofili framleis forbode, og homoseksualitet var so tabutyngt at dei ikkje ein gong kunde ha eit namn som fortalde kva det sveiv seg um. Seinare skifte dei namn til Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH) - og i dag kallar dei seg for "Foreningen FRI - For kjønns- og seksualmangfold".

Norsk "homolobby": Frå avkriminalisering til tankepolititi

Desse tri namneendringane fortel um korleis fokuset deira hev endra seg: Dei byrja med å vera ein organisasjon som vilde avkriminalisere privatlivet åt ein liten minoritet og endar med å vera ein organisasjon som skal "dekonstruere majoriteten". Den sokalla "heteronormativeten" må rivast ned, slik at ein fær eit spekter av alle slags glidande og yverlappande identitetar. På denne måten er dei i same båt som Antirasistisk Senter som arbeider for å gjera fyrestellingar um nordmenn og norskdom um til alt og ingenting - og der det hev kome so langt at ikkje ein gong kong Harald kann gjera anna enn å jatta med.

LGBT-organisasjonane er millom krondømi på vellukka lobbyisme. Barnestrygdi hev vore på 970 kr i månaden sidan år 2000. Meir enn ein halv million husstandar med born i alderen 0-17 år hev ikkje fenge ei krone meir. Samstundes hev 2500 FRI-medlemmer både fenge retten til å gifta seg kynsnøytralt og til å adoptera born - og kyrkja skal vigsla dei...

Eller tenk sjølv: Kvifor i alle dagar skal ein homofil platearbeidar på Stord vera meir uppteken av å jobba for Høgreordføraren i Oslo sin rett til å gifta seg

med ein annan mann enn å stydja sin eigen heterofile arbeidskollega i ein lønskonflikt? Um ein ser på oppslagi i media eller engasjementet på sosiale media, so er det ingen tvil um kvar hen dei sterkaste kjenslone vert manipulerte fram...

Det er elles verdt å merka seg korleis vestlege styresmakter - på høgst selektivt vis - nyttar seg av feministar og seksuelle minoritetar i den geopolitiske kampen mot stabile statar som byd globalkapitalismen motstand. Nylegt kunde Klassekampen fortelja at våpenprodusenten "Kongsberg Gruppen" hadde nytta eit hundretusundtals kronor på å taka ungdomsparti med seg til USA - der dei millom anna fekk møta LGBT-rådgjevaren i Det Kvite Hus ("Sponsa flytur", Klassekampen 20. september 2016).

Korleis møta homolobbyen?

Kva hev ein røyrleggjar i Arna, ein advokat på Os og ein elektroingenør på Sotra sams? Ingenting, skulde ein tru - men brått var det einkvan som fekk ideen um å setja eit eige namn på folk som laut reisa ekstra langt til arbeid i byen. Dei er alle pendlarar! Og vegen derifrå til å krevja eige reisefrådrag i sjølvmeldingi var ikkje lang...

Skal ein vinna yver ein motstandar, so må ein byrja med å sanna at denne motstandaren faktisk finst. Setja ord på honom. "Homolobbyen" er ein politisk og ideologisk aktør som finst, men som ikkje vågar eller vil segja namnet sitt. Slett ikkje alle er homofile, ikkje ein gong eit fleirtal av dei. Det dei hev sams er ikkje seksualiteten sin, men det at dei arbeider trottugt for å prakka på oss eit tankesett der det ikkje lenger skal vera lov å ha ein identitet som er røtt i noko handfast - korkje nasjonalt eller seksuelt. Der "homo" i morgon er like fy-fy som "heteronormativ" er det i dag. Dette kjem til å koma som ein boomerang attende på oss alle.

Det er mange homofile som slett ikkje hev noko ynske um å dekonstruere samfundet ikring seg, men som liver godt med å vera eit standardavvik eller tvo utanfor det som er "normalt". So lenge det finst ei Gauss-korg, so vil det finnast noko som er normalt og noko som er utanfor normalen. I alle fall so lenge ein er med på at det finst ein røyndom og at livet kann læra oss noko um denne. Diverre er det nett det som den kritiske teorien, interseksjonaliteten og "homolobbyen" ikkje vil vera med på.



Det vantande modet i vestverdi

Av Peter Schreiner

So skjedde det endå ein gong - massive sexyvergrep mot kvinner under ein folkefest. Denne gongen under Schlossgrabenfest i Darmstadt, byen som er kjend for sin flotte jugendstil, det pulserande og alternative kulturlivet og den vene skogane og parkane. Ein Målmannen-lesar som bur i Darmstadt var sjølv vitne til det som hende, og han hev gjort seg nokre tankar i ettertid.

Det vert ofte sagt at me ikkje er modige nok. Me vantar "Zivilcourage", skal det heita seg. Andre røyster segjer oss at mennene i vestverdi er vortne veikte ned og "feminiserte", og soleides kann dei ikkje lenger måla krefter med den valdskulturen som kjem frå den muslimske verdi. Eg veit ikkje kvar hen sanningi ligg, det kann vera noko i båe argumenti.

Kor som er so tykkjer eg ikkje at eg kann lata dette spursmålet få verta ståande utan noko svar, serskilt ikkje no som både sexismen og rasismen hev funne vegen inn att i kvardagen. Difor vil eg fortelja litt um korleis eg sjølv opplever dette.

I helgi som gjekk var det ein stor folkefest i byen min - ein folkefest av det "fargerike" slaget, med menneske frå alle verdsens kantar. For fyrste gongen spela jamvel dei nykomne "flyktingane" ei sentral rolla under tilskiping. Det er ikkje desse som denne teksten kjem til å taka fyre seg, for Schlossgrabenfest hev alt i årevis vore ein magnet på dei aller mest asosiale og skruppellause sjikti i folkesetnaden.

No hev det kome medieoppslag der ein med krigstypar fortel at flyktingar er vortne melde til Politiet for "tafsing og seksuelle pådrag mot mindreårige gjentor" - på same måten som det hende under nyårsfeiringi i Köln. Eg tykkjer ikkje at saki kann verta ståande slik, for dette er ikkje hovudproblemet. Slike ting hev hendt i årevis og då jamvel langt verre ting.

Seksuell trakassering på trikken

Til dømes var det ein kveld eg var på veg heimatt med trikken. Der fekk eg sjå korleis nokre tyrkisk-/arabisk-ætta "medborgarar med migrasjonsbakgrunn" dreiv på og erta tvo tyske gjentor. Dei fire "medborgarane" sette seg ned hjå dei tvo gjentone - som båe hadde drukke litt alkohol, men som framleis var ved

sine fulle fem. Under samrøda som fylgde so kom dei unge mennene med tilnærmande ytringar som "ikkje ver slik då", "det er likt til at du må ha havt mange typar, søta" og "kom og ver med oss, so kann me ha det litt moro".

Best det var so steig den eine av dei tvo gjentone ut or trikken, medan den andre vart sitjande. Det førde berre til at dei fire "medborgarane" vart endå meir pågåande, og då framfor alt han som såg ut til å vera leidar-typen millom dei fire. Sidan den unge gjenta ikkje på noko tidspunkt svara deim med eit tydelegt "nei" eller "dette vil eg ikkje", so vart det ein sers flytande yvergang millom det ein kann kalla kvinneforaktande flørtning og det som beint fram er seksuell trakassering.

Millom anna so fekk den eine av karane seg til å segja: "Kom og ver med oss, du hev heilt sikkert soge 15 pikkar alt, og det berre i den siste vika, eller kva?" Ho svara ikkje noko på det, men tok til å fnisa. Det gjorde ikkje stoda akkurat noko mindre trugande. Ein full tyskar kom burt og tykte det heile var løgje. Men då tyskaren vilde vera litt kameratsleg med ein av dei, so vart han beden um å pella seg vekk frå dei - og nær sagt jaga ut or trikken i det han steig av. I millomtid heldt dei hine fram med å tala med den unge gjenta, og den unge gjenta byrja fortelja dei at ho hadde planar um å studera. Like etterpå steig eg sjølv av trikken.

Det er ein nokso typisk grensesituasjon, der eg ikkje visste kva eg skulde gjera. Eg hadde ikkje inntrykk av at den unge gjenta var klår yver kva slags situasjon ho hadde gjeve seg inn i. Å "hjelpa" henne kunde ikkje koma på tala, sidan risikoen for min eigen part var altfor stor. "Riddarleg" framferd endar som regel alltid berre med at ein sjølv fær problem, fyrst med dei innblanda og i neste umgang jamvel med rettsstellet. Eg hadde til sjuande og sist ingen prov for nokon ting, og kunde lett ha vorte skulda for å sjølv ha framprovosert ein situasjon.

Under alle umstende kjende det seg som desse mennene ikkje kjende nokon grensor, og at dei - nett av di den unge gjenta berre sat og knisa - ikkje opplevde nokon motstand. Jamvel ytringar som "de er då alle litt horeaktige" fekk ikkje annan respons enn lett knising. Soleides vandra ho på sers tynn is, og det åleine i møtet med ei gruppa framande, fulle

karar som ein mest skulde tru at ho var reidug til å vera med heim...

Denne typiske kvardagssituasjonen er under alle umstende eit godt døme på korleis "modet" løyser seg upp. So lenge det ikkje kjem noko klårt "nei", so kann ingen gripa inn - og eg hadde likevel eit dårlegt samvit. Sidan eg sat nokre plassar undan, og med ryggen til, so kunde eg ikkje rettelegt sjå kva det var dei gjorde. Men frå det som vart sagt so kunde eg sjå det heile godt fyre meg.

"Hev du lyst, hev du lov"...

Sovorne hendingar opplever ein her dagleg, serskilt i helgane - og ikkje minst på trikkar og bussar. Gjerningsmennene vert berre smartare og smartare i åtferdi si, dei veit sers godt kva dei gjer. Problemet gjeld ikkje fyrst og fremst "flyktingar", det er eit generelt problem hjå "ungdom med migrasjonsbakgrunn" - og meir spesifikt ungdom med bakgrunn frå den arabisk-afrikanske verdi. Ungdomar med denne bakgrunnen hev i årevis kunna sex-trakassera kvinner, og dei aller fleste hendingane av dette slaget vert aldri melde til politiet - nett av di grensone millom flørt og trakassering er so flytande.

Me talar her um ungdomar med bakgrunn frå kulturar og land der kvinner aldri vart respekterte - og der det finst klare reglar for korleis kvinner skal te seg dersom dei ikkje skal verta fritt vilt. Desse ungdomane hev vokse upp i eit "frilyndt" Vest-Europa der det i dei seinaste tiåri er vorte slik at alt er lov so lenge det berre er "friviljugt". "Hev du lyst, hev du lov", skal det heita seg. Resultatet er at me fær det verste frå båe kulturane. Dei kjenner ingen grensor - og me set ingen grensor.

So lenge det ikkje kjem noko klårt "nei" frå gjentone, so hev ingenting ulovlegt hendt. Dei som skulde verta vitne kann ikkje gjera anna enn å kjenna på si eigi avmakt, gjentone skjemst kann henda litt når dei forstår kva det var dei råka ut for - og gjerningsmennene er i millomtid på veg vidare til det neste offeret.

Sluttordet:

All vondskap kjem frå veikskap.

Seneca